


# DETALJREGULERINGSPLAN FOR

Fritidsbustader Vestre Vågen.

8/41 m.fl., Håvik ytre

PlanID: 201721

BØMLO KOMMUNE



PLANOMTALE

November 2020

## Innhold

|      |                                                     |    |
|------|-----------------------------------------------------|----|
| 1.0  | BAKGRUNN/INNLEIING .....                            | 3  |
| 1.1  | <i>Bakgrunn</i> .....                               | 3  |
| 2.0  | PLANSTATUS.....                                     | 3  |
| 2.1  | <i>Kommuneplan</i> .....                            | 3  |
| 2.2  | <i>Reguleringsplan</i> .....                        | 4  |
| 3.0  | OMTALE AV PLANOMRÅDET / EKSISTERANDE SITUASJON..... | 4  |
| 3.1  | <i>Geografisk plassering</i> .....                  | 4  |
| 3.2  | <i>Historikk og arealbruk</i> .....                 | 6  |
| 3.3  | <i>Eksisterende bygg</i> .....                      | 7  |
| 3.4  | <i>Eksisterende veg- og trafikktilhøve</i> .....    | 9  |
| 3.5  | <i>Naturgjevne tilhøve</i> .....                    | 10 |
| 4.0  | EIGEDOMSTILHØVE .....                               | 14 |
| 5.0  | PLANPROSESS .....                                   | 14 |
| 6.0  | MERKNADER TIL OPPSTART AV PLANARBEID .....          | 14 |
| 7.0  | OMTALE / KONSEKVENSAAR AV PLANFORSLAGET .....       | 23 |
| 8.0  | PLANFAGLEGE VURDERINGAR.....                        | 30 |
| 8.1  | <i>Kulturlandskap og kulturminne</i> .....          | 30 |
| 8.2  | <i>Samfunnsverknader</i> .....                      | 31 |
| 8.3  | <i>Transport</i> .....                              | 32 |
| 8.4  | <i>Friluftsliv</i> .....                            | 33 |
| 8.5  | <i>Naturmiljø og Naturmangfaldslova</i> .....       | 34 |
| 8.6  | <i>Landskap</i> .....                               | 40 |
| 8.7  | <i>Universell utforming</i> .....                   | 42 |
| 8.8  | <i>Born og unge sine interesser</i> .....           | 42 |
| 8.9  | <i>Folkehelse</i> .....                             | 42 |
| 8.10 | <i>Strandsone</i> .....                             | 42 |
| 9.0  | ROS- ANALYSE .....                                  | 45 |
|      | VEDLEGG.....                                        | 51 |

## 1.0 BAKGRUNN/INNLEIING

### 1.1 Bakgrunn

Forslagsstillar: Frode Litlabø m.fl.  
Aravikvegen 10, 5440 Mosterhamn  
Tlf: 90 54 05 09 e-post: [frode.litlabo@haugnett.no](mailto:frode.litlabo@haugnett.no)

Utarbeidd av: Gøtz AS v/ Kari Hilde Rommetveit og Line Hatlevik  
Sæ 132, 5417 Stord  
Tlf.: 97 65 39 72 e-post: [kari@goetz.no](mailto:kari@goetz.no)  
Tlf.: 99 38 48 35 e-post: [line@goetz.no](mailto:line@goetz.no)

Forslagsstillar Frode Litlabø m.fl. ynskjer å leggja fram eit forslag til reguleringsplan for fritidsbustader Vestre Vågen, gnr.8 bnr.41 m.fl., Håvik Ytre, Bømlo kommune.

Det vart sendt inn prinsippøknad for å melde oppstart av planarbeid 14.06.2018 som vart godkjend i Utval for areal og samferdsel i møte 05.09.2018 (sak PS 118/18). Plangrensa er sett i samråd med kommunen. Planområdet utgjer totalt ca. 17,8 daa.

#### Føremål

Føremålet med reguleringsplanen å fortette det eksisterande fritidsbustad- området med 7 stk. nye frittliggjande fritidsbustader, 12 stk. nye konsentrerte fritidsbustader til sjø (rorbuer) og 1 stk. fellesnaust med tilhøyrande tilkomst, parkering og småbåtanlegg. I tillegg vil ein regulere inn eksisterande situasjon og einingar. Det er 4 stk. naust/sjøbuer og 1 stk. fritidsbustad/ rorbu med tilhøyrande kaiar og flytebyggjer innanfor planområdet i dag. Det er også ei større flytebrygge i området. Det eine eksisterande naustet er planlagd rive, men i reguleringsplanen vil ein leggje til rette for at det kan søkjast bruksendring til fritidsbustad for dei resterande eksisterande nausta/sjøbuene i området. Dette er i tråd med gjeldande kommuneplan.

#### Konsekvensutgreiing:


Planen er vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiing, og planetaten i Bømlo kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Bakgrunnen for dette er at tiltaket stort sett er i tråd med overordna plan.

## 2.0 PLANSTATUS

### 2.1 Kommuneplan

Området er ikkje regulert frå før, men er i gjeldande kommuneplan for Bømlo 2013-2025 vist som område for fritidsbustader, spreidd bustadbygging, LNRF- areal, småbåtanlegg og område for fiske.

Ettersom det er plass til meir enn 3 fritidsbustader i rekkje, utløyser tiltaket krav til reguleringsplan jamfør føresegner til kommuneplanen (§ 3.1.4).



Utsnitt frå gjeldande kommuneplan.


## 2.2 Reguleringsplan

Området er ikkje regulert tidlegare.

## 3.0 OMTALE AV PLANOMRÅDET / EKSISTERANDE SITUASJON


### 3.1 Geografisk plassering

Planområdet ligg like sør for fjellet Siggjo i Bømlo kommune, i Vestre Vågen, Håvik Ytre. Planområdet omfattar heile eller delar av eigedomane: 8/1, 8/7, 8/10, 8/37, 8/40, 8/41, 8/46, 8/54 og 8/79.



Oversiktskart.





Avgrensning av planområdet.

### 3.2 Historikk og arealbruk

Det er etablert tilkomst til området via avkøyrsløp frå Fv. 12 Finnåsvegen. Denne tilkomstvegen vart etablert i 2006 og er ein privat felles tilkomstveg. Ein kjenner ikkje til byggjeår for alle eksisterande naust og rorbu i området, men naustet på 8/41 som skal rivast, vart ført opp i 1986. Det er nokre fradelte tomter i området som det enno ikkje er bygd noko på. I sjø utanfor 8/7 er det etablert ei større flytebrygge. Denne er i dag til bruk for eigar av 8/7.

#### Arealbruk i dag

Området er i bruk som naust- og fritidsbustadområde i dag. I tilknytning til eksisterande naust og fritidsbustad er det etablert kaiar og flytebrygger. Området utanfor i sjø, vert brukt til låssetting av makrell, sild og brisling og er mykje brukt i følgje kartverktøyet «Yggdrasil» på fiskeridirektoratet sine nettsider.

#### Arealbruk tilstøytande areal

Planområdet ligg skjerma til av Tungeneset i sør. Nord for planområdet ligg eit ferdig regulert naust- og rorbuområde med namn Håvik ytre, delar av gnr. 8, bnr. 53 m.fl. (PlanID: U-4), vedteke 11.11.1996 som er delvis utbygd. Vidare er det satt i gong regulering av eit område mellom dette området og planområdet. Her skal det også regulerast inn fritidsbustader til sjø. Det er ein del fritidsbustader i dette området frå før. Reguleringsplanen her er under handsaming hjå kommunen.

I vestleg retning er det nokre einebustader. Lengre vestover ligg fjellet Håvikshovda (219 m.o.h.) og Siggjo (474 m.o.h). Dette er eit populært turmål. Aust for planområdet ligg Håvikvågen og Håvikosen og på motsett side av vågen/osen ligg Røyksund og eit byggjefelt i Høvringevik.

### 3.3 Eksisterende bygg

Det er frå før 4 stk. naust og 1 stk. fritidsbustad innanfor planområdet. I tilknytning til nausta og fritidsbustaden er det etablert fleire kaianlegg og flytebrygger. Det er også ei større felles flytebrygge som er til bruk for eigar av 8/7.

Naustet på eigedom 8/54 er bygd på 1800-t og er såleis automatisk SEFRAK-registrert (SEFRAK-id: 1219-0008-011). Naustet er meldepliktig ved riving/ombygging.

Både naustet på 8/54 og 8/41 er planlagd å rive.



Eksisterende naust og kai på 8/40.



Eksisterende naust, kai og båtopptrekk på 8/10.





Eksisterande naust på 8/54 og 8/41. Begge er planlagt å rive.



Eksisterande fritidsbustad/ rorbu på 8/19.



### 3.4 Eksisterande veg- og trafikktilhøve

#### Veg

Planområdet omfattar delar av fv.12 Finnåsvegen og privat avkøyrsløp ned til sjø (Pv1161 og PV97021). Denne vegen er relativt bratt, med ein stigning på opp mot 17%. Eksisterande naust nede ved sjøen har tilkomst via denne vegen i dag. Fv.12 har ein ÅDT på 450 og ei fartsgrense på 80km/t.



Eksisterande tilkomstveg ned til området.

#### Parkering

Det er etablert ein felles parkeringsplass på hovudbruket (8/1) nede ved sjø. Parkeringsplassen ligg på nordvestsida av tilkomststegen og det er plass til ca. 10 bilar her i dag. Parkeringsplassen kan nyttast av dei som har vegrett og parkeringsrett. Dette gjeld i dag gnr./bnr. 8/1, 8/7, 8/10, 8/19, 8/29, 8/40, 8/41, 8/46, 8/54, 8/79 og 8/81.



Eksisterande parkeringsplass i området.

### 3.5 Naturgjevne tilhøve

#### Terrengtilhøve/Landskap

I Aurland Naturverkstad si landskapskartlegging av Hordaland fylke, ligg planområdet innan Landskapsregion 21, *Ytre fjordbygder på Vestlandet*.

Planområdet ligg i typisk kystlandskap, med varierende terreng og høgder. I områda ned mot sjø er det skrinne berg i dagen og enkelte parti er småbratte ned mot sjø. Terrenget er noko ulendt og kupert. Den sørlege og midtre delen av planområdet stig først frå kote +0 opp til ca. kote +4,0 før det flatar ut, før det igjen er relativt bratt stigning opp til fylkesvegen i vest. Høgder varierer frå kote +0 ved sjøen i aust til +44 i oppe ved fylkesvegen i vest.




Flyfoto av området.

#### Grunntilhøve

Databasen Noregs geologiske undersøkelse (NGU) viser at hovudbergarten i grunnen består av grønnstein, amfibolitt. Bergartar registrert i området er grønskifer og grønnstein, grøn fyllitt og sandstein (truleg turbiditt) og stadvis raudbanda radiolariekiselstein. Planområdet har i følge NGU lausmassar som er danna på staden ved fysisk eller kjemisk nedbryting av berggrunnen, med gradvis overgang til underliggjande fast fjell. I Arealis er området vist med moderat til låg aksemdsgrad for radon (grad 1).




Landskapet i området har variert hellingsgrad. Delar av området er allereie planert og bygd ut med naust og kaiar. Den nordaustlege delen av planområdet er brattast heilt ned mot sjø, men har ein del slake parti. I bakkant av planområdet skråar det bratt opp mot fjellet Håvikshovda. I Norges vassdrags- og energidirektorat sine kartdata finn ein at det på Håvikshovda er registrert fleire aktsemdsområde med fare for utløyning av snøskred. Dette er automatisk berekna ut i frå hellingsgrad i terreng og skråningar kor snøskred potensielt kan førekoma. Frå dei registrerte utløysingsområda er det også vist ei grov berekning for utlaupsområde – terrenget nedanfor som kan verta ramma av snøskred. Utløysingsområdet går ikkje inn i planområdet.



Aktsemdsområde for snøskred. Dei mest markerte raude felta syner potensiell fare for utløyning av skred, medan dei lysare raude felta syner potensielle utlaupsområde. Planområdet ligg utanfor potensielle utlaupsområde. (Kjelde: Arealis, NGU).

Det er ikkje registrert fare for steinsprang i området, men i NVE sine kartdatabasar, er det registrert 3 stk. aktsemdsområde for flaum innanfor planområdet.





Aktsemdområde for flaum (Kjelde: nve.no).

## Vegetasjon

Planområdet er i stor grad prega av inngrep med mykje brakkmark. Dette gjeld særskilt langs tilkomstveg, parkering og områda kring eksisterande naust. Habitatet her er tørt, og dominert av lite næringskrevjande ugrasvegetasjon som trivst i lysope terreng. Artssamansetjinga varierer noko med substrattyp, eksposisjon (lokal -og mikroklima) og grad av forstyrning. Vegetasjonen i desse områda passer inn under vegetasjonstype I2 *Vegetasjon på vegkantar og annan skrotemark med I2c Tørrbakke-utforming.*



Habitatet kring naust og vegareal er sterkt inngrepsprega og går inn under Vegetasjonstype I2 *Vegetasjon på vegkantar og annan skrotemark, med I2c Tørrbakkeutforming.*





Planområdet omfattar også delar av ein urørt furuskog i bakkant og ved sida av eksisterande naust. Skogen her er av vegetasjonstypen A3 *Røsslyng- blokkebærfuruskog* med A3c *Kyst-utforming*. Vegetasjonstypen er typisk å finne langs kysten av Vestlandet. Området her har skrin jord og mykje berg i dagen. Storvakse og rett-stamma furu (*Pinus sylvestris*) dominerer tresjikt. I busksjikt er det generelt lite vekster. Feltsjiktet er velutvikla med stor førekomst av røsslyng (*Calluna vulgaris*) og andre lyngartar samt graminider (gras og andre einfrøblada planter). I bunnsjikt er det for det meste torvmose-artar.



Den urørte delen av planområde er dominert av furu og oseaniske artar som er typisk å finne langs vestlandskysten, vegetasjonstype A3 Røsslyng-blokkebærfuruskog, med A3c Kyst-utforming.

## Sol- og utsiktsforhold

Tomtane i planområdet vender mot sør-aust og tomtane ligg heilt ned til sjø. Ein vil få utsikt utover Håvikosen og over mot Røyksund i aust. I nord ser ein over til eit eksisterande rorbu-område. Sol- og utsiktsforhold vert ut i frå dette rekna som gode.



Utsikt mot nordaust.



## Verneinteresser

Det er ikkje registrert eksisterande verneinteresser innan eller i nærleiken av planområdet.

## 4.0 EIGEDOMSTILHØVE

Planområdet omfattar heile eller delar av eigedomane: 8/1, 8/7, 8/10, 8/37, 8/40, 8/41, 8/46, 8/54 og 8/79

|                           |                                                         |
|---------------------------|---------------------------------------------------------|
| Gnr. 8 bnr. 1 er eigd av  | Alf Helge Sørenes                                       |
| Gnr. 8 bnr. 7 er eigd av  | Sigve A. Håvik Martinsen                                |
| Gnr. 8 bnr. 10 er eigd av | Kjersti Gjerde                                          |
| Gnr. 8 bnr. 37 er eigd av | Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen region vest |
| Gnr. 8 bnr. 40 er eigd av | John Harry Håvik                                        |
| Gnr. 8 bnr. 41 er eigd av | Frode Litlabø                                           |
| Gnr. 8 bnr. 46 er eigd av | Frode Litlabø                                           |
| Gnr. 8 bnr. 54 er eigd av | Jostein Bernhard Sørenes                                |
| Gnr. 8 bnr. 79 er eigd av | Inge Geir Johannesen                                    |

## 5.0 PLANPROSESS

Oppstartsmøte 29.08.2017

|                            |            |            |                                    |
|----------------------------|------------|------------|------------------------------------|
| <u>Melding om oppstart</u> | utsending: | 14.09.2018 | Varselbrev                         |
|                            |            | 14.09.2018 | Annonse på kommunen sine nettsider |
|                            |            | 15.09.2018 | Annonse i avisa "Bømlo Nytt"       |
|                            | frist:     | 29.10.2018 |                                    |

## 6.0 MERKNADER TIL OPPSTART AV PLANARBEID

I samband med oppstartsmeldinga er det komen inn nokre merknadar som fylgjer vedlagt. Her kjem våre kommentarar til merknadane.

Oversikt merknader:

| Nr  | Avsendar                                   | Dato                          |
|-----|--------------------------------------------|-------------------------------|
|     | Offentlege instansar - statleg/ kommunal   |                               |
| 1.  | BVA                                        | e-post 28.09.2018             |
| 2.  | Kystverket Vest                            | e-post 02.10.2018             |
| 3.  | NVE                                        | e-post 18.10.2018             |
| 4.  | Statens vegvesen                           | e-post 19.10.2018             |
| 5.  | Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum          | e-post 19.10.2018             |
| 6.  | Fiskeridirektoratet                        | e-post 25.10.2018             |
| 7.  | Fiskarlaget Vest                           | e-post 29.10.2018             |
| 8.  | Folkehelsekoordinator/ barnas representant | e-post 29.10.2018             |
| 9.  | Hordaland fylkeskommune – Regionalavd.     | e-post 29.10.2018 og 20.02.19 |
| 10. | Fylkesmannen i Hordaland                   | e-post 02.11.2018             |
| 11. | Fiskarlaget Vest                           | e-post 03.05.2019             |
| 12. | Fiskarlaget Vest                           | e-post 28.05.2020             |
|     | Private/lag                                |                               |

### **1. BVA, 28.09.2018**

Skriv at det må lagast ein overordna VA- plan som skal følgje reguleringsplanen. Denne skal bestå av utgreiingar, planteikningar og andre naudsynte illustrasjonar/ teikningar. Ramsar elles opp nokre krav til VA-planen.

Skriv så at VA- plan må utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart. Kostnaden med framlegging, utbygging og tilkopling av VA- leidningar må takast av utbyggjar.

#### **Kommentar:**

Det skal lagast overordna VA- plan i tråd med krav frå BVA. Det er lagt inn rekkefølgekrav som seier at VA-plan skal utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart.

### **2. Kystverket Vest, 02.10.2018**

Skriv at dei ikkje kan sjå at planføremålet vil kome i konflikt med framkome eller sikkerheit for sjøverts ferdsle. Dei minner om at alle tiltak i sjø krev løyve etter hamne- og farvasslova og at det er Karmsund hamnevesen som er mynde her. Dei ber om at dette vert teke med i føresegnene.

#### **Kommentar:**

Ein vil legge dette inn i føresegnene.

### **3. NVE, 18.10.2018**

Skriv at ein kan sjå vekk ifrå aktsemdområdet for flaum i dette området og heller nytte DSB sin generelle rettleiar «havnivå og stormflo» i handteringa av flaumfare langs strandlinja mot sjø.

Elles har dei nokre generelle innspel til planarbeidet. Dei viser til sine ansvarsområde og viser til div. rettleiarar og verktøy som kan vere nyttige i planlegginga. Dei skriv vidare at dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, så skal dei ha planen tilsend ved offentleg ettersyn. Dei skriv at dei legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen og alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta.

#### **Kommentar:**

Ein vil sjå på dette med havnivå og stormflo og nytte dette i vurderingane i planomtalen, men vil sjå vekk ifrå aktsemdområdet for flaum her. Ein vil nytte NVE sine rettleiarar og verktøy i planlegginga.

### **4. Statens vegvesen, 19.10.2018**

Skriv at ein i planarbeidet må sjå på om krysset inn mot fv12 oppfyller krava i handbøkene. Dei peikar på at krysset ligg i ei kurve og at ein særleg må sjå på siktilhøva.

#### **Kommentar:**

FV12 har ein ÅDT på 450 og ei fartsgrense på 60 km/t. Ut i frå Statens vegvesen sine vegnormalar, har ein då satt av ei siktsona på 6x45m. Det er tilfredsstillande sikt i begge køyreretningar. Ein har lagt inn siktsona med tilhøyrande føresegn i reguleringsplanen.

### **5. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, 19.10.2018**

Skriv at dei ikkje kjenner til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Dei har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Dei har difor ingen merknader til planarbeidet. Skriv at det likevel er mogleg at det kan liggje kulturminne i det aktuelle området, og at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne i tiltaksområdet.



### **Kommentar:**

Ein vil legge inn i føresegnene at Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve områda. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

### **6. Fiskeridirektoratet, 25.10.2018**

Dei skriv at det er positivt at planleggjar vil gå i dialog med fiskarane i området tidleg i planprosessen for å unngå at tiltaket kjem i konflikt med fiskeriinteressene i området. Vidare viser dei til at det er registrert eit gytefelt for torsk utanfor planområdet i Håvikosen/Børøyfjorden. Gyteområdet er klassifisert som naturtype av lokal verdi (C-område), og er i utgangspunktet eit kommunalt forvaltningsansvar. Dei skriv at torsken gyt i perioden frå januar til og med april, og dei rår frå utfylling i sjø i gyteperioden. Dei ber om at ein føl råd om etablering av småbåthamn som dei har lagt ved for å unngå negativ miljøverknad. Vidare skriv dei at det bør gå fram av planteikningane kor fortøyingane til flytebyggene vil gå under vassoverflata. Dersom det er snakk om utfylling i sjø så må det vurderast avbøtande tiltak dersom planen kan føre til skade for fiskeriinteressene og det marine biologiske mangfaldet.

### **Kommentar:**

Ein vil legge inn i føresegnene at det ikkje skal fyllast i sjø i torsken sin gyteperiode. Ein vil taka omsyn til dei råda som fiskeridirektoratet har lagt ved merknaden sin i samband med etablering og drift av småbåthamna. Den planlagde småbåthamna vil ikkje avgrense naturleg sirkulasjon i sjø. Ein vil leggje ved ein fortøyingssplan som skal vise korleis fortøyingar til dei planlagde flytebyggene ca. er tenkt.

### **7. Fiskarlaget Vest, 29.10.2018**

Skriv at dei har sendt saka til sunnhordland Fiskarlag. Har nokre generelle merknader i samband med fiskeriinteresser. Vidare gjer dei merksam på at fiskarar ofte får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men og elles. Fiskarlaget viser til Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert kaste- og låssettingsplass i/ved reguleringsområdet. Dei skriv at det også vert fiska i område som ikkje er registrert der, og ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps. Dei meiner vidare at når kommuneplanen vart laga så vart ikkje fiskeområdet registrert heilt inn til strandsona slik det skulle. Dei viser så til at det står i sakspapira at ein bør gå i dialog med fiskarane i området tidleg i planprosessen for å kome fram til løysingar som ikkje vil vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområda til fiskeriverksemd. Dei meiner at tiltakshavar heller burde ha teke kontakt med Fiskarlaget *før* det vart sendt ut oppstartsmelding. Dei registrerer også at det ikkje er lagt ved nokon fortøyingssplan og at flytebyggene ser ut til å vere teikna heilt til reguleringsgrensa slik at fortøyingane må kome ut i kaste- og låssettingsområdet. Fiskarlaget kan ikkje akseptere at fortøyingar som kan vere til hinder for bruk av fiskeområdet. Dei skriv at dei er svært skeptisk til at det vert lagt til rette for fritidsbustader inkludert småbåthamn/- anlegg i/ved eit område for fiske som er mykje brukt. Dei går imot at det vert gjeve løyve som omsøkt, sjølv om det er i tråd med kommuneplanen. Om det likevel skulle bli gjeve løyve så har dei skrive noko som må takast med i føresegnene for planen i høve kaste-/låssettingsplassen. Vidare viser dei til publiseringar kring temaet småbåthamner. Skriv også at forureining frå området må avgrensast mest mogleg.

### **Kommentar:**

Ein har beklaga til Fiskarlaget at det ikkje vart teke kontakt med dei før ein melde oppstart av planarbeidet. Dette vart gjort på bakgrunn av at ein meinte det ville vere tilstrekkeleg å

opprette kontakt etter at Fiskarlaget var informert om at ein ville starte opp planarbeid i området, og ein ikkje var vidare kjend med den omdiskuterte konflikten.

Fiskarlaget vektlegg i sin merknad til oppstartsvarselet at planlagde tiltak i sjø vil koma i konflikt med deira interesser i tilknytning til registrert kaste- og låssettingsplass i område. Dei påpeika at ei kvar fortøying ut i område som er avsett til kaste- og låssetting, vil kunne vere til hinder for utøving av fiske/låssetting i området, og at fiskarane er avhengige av å ha moglegheit til å fortøye lås i land. Her under nemner dei tidlegare konflikt med grunneigarar og etterspør ein fortøyingssplan i tilknytning til planen.

Det er frå før i område fleire større, godkjende flytebrygger som i likskap med dei omdiskuterte fortøyingane har fortøyingar som går ut i kaste- og låssettingsområdet, og ein kjenner ikkje til problem for den praktiske bruken for fiskarane i tilknytning til dette. Det bør også presiserast at det i det aktuelle område berre er snakk om låssetting – ingen kasting. Tidlegare konflikt mellom fiskarar og eigarar av eksisterande flytebryggjer som vart nemnd, er elles for oss ukjent.

I merknaden saknar ein meir konkrete innspel for korleis ein best kan ivareta deira interesse. Her skriv dei at det er vanskeleg å seie kor mange fortøyingar det vil verta behov for, og kvar desse kjem, då det er avhengig av kor mange lås, og kor mykje reiskap som vert brukt. For å imøtekoma Fiskarlaget, vart det difor lagt inn ei generell føresegn om at det skal vere høve til å feste steng i kaiar/flytebrygger innanfor planområdet. Vidare har ein etter ynskje hjå Fiskarlaget også lagt inn ei føresegn ang. kaste- og låssettingsplassen.

Når det gjeld skepsis til meir småbåttrafikk, meiner ein at auka båttrafikk ikkje aleine kan nyttast som argument for at det ikkje skal kunne etablerast fritidsbustadar og båtplassar i området. Her under finnest det reglar for kor nært ein kan ferdast jf. §27 i Havressurslova, og dette har ein også lagt inn i føresegnene. Sjøen skal vere open for ålmenn ferdsle.

I etterkant av merknaden vart det teke kontakt med fiskarlaget for å høyre om dei aktuelle fiskarane i området har spesielle behov eller interesser som bør ivaretakast i samband med planarbeidet. Ein har også forsøkt å imøtekoma dei ved å utarbeida ein fortøyingssplan. Denne vart oversendt dei i starten av 02.04.2019, kor dei fekk høve til å koma med uttale til denne før planen vart lagt ut til offentleg ettersyn. Det vart i samband med dette oppmøgninga til samarbeid og innspel til korleis nye flytebrygger kunne plasserast og fortøyast, slik at dei ville verta til minst mogleg ulempe for Fiskarlaget sine interesser (eksempelvis alternative innfestingsmåtar i kai som reduserer behovet for anker osv.). Av fortøyingssplanen var det vist korleis fortøyingane til planlagde brygge-/båtanlegg var tenkt, og synleg at desse ikkje ville koma lengre ut i sjø enn det eksisterande flytebrygger i område allereie gjer i dag.

I uttale frå Fiskarlaget per e-post, så viste dei igjen til sin merknad til oppstartsvarselet, og understreka at dei framleis stilte seg i mot omsøkt tiltak. I samråd med kommunen bad vi om å få tilsendt ein ny merknad til planen, som vart motteke 25.10.2019 (sjå merknad nr. 11).

## **8. Folkehelsekoordinator/ Barnas representant, 29.10.2017**

Rår til at ein legg opp til eit felles båtanlegg og ikkje flytebrygger framføre kvar fritidsbustad, då dette vil gjere tiltaket mindre privatiserande. Rår også til at bygg vert trekt lengre vekk frå sjø slik at ein oppnår ålmenn tilgjenge mot sjø. Vidare rår ho til at det vert tilgjenge mellom planområda og at veg/sti vert kopla saman og for å sikre ålmenn ferdsle og bidra til at strandsona vert betre tilgjengeleg og meir attraktiv i samband med friluftsliv.

Ho legg til grunn at trafikkisikring med siktsoner i kryss frå tilkomstveg vert ivareteke, og tiltak som tek i vare mjuke trafikantar særskilt.



### **Kommentar:**

Det er ein del flytebrygger i området frå før, og desse er vidareført i ny plan. For nye einingar så har ein forsøkt å samle flest mogleg i felles anlegg der dette er mogleg og hensiktsmessig.

Når det gjeld plassering av bygg, så er det nokre av tomtane som allereie er frådelt og som meir eller mindre har ei «gitt» plassering ut i frå kva areal ein har til rådighet. På 8/7 har ein trekt dei frittliggjande fritidsbustadane litt opp og bak for å frigje meir areal i framkant og gjere strandsona meir tilgjengeleg for ålmenta.

Planleggjar er einig i at fritidsbustader til sjø privatiserer strandsona, men den planlagde utbygginga er i samsvar med gjeldande kommuneplan, og det aktuelle området er allereie bygningspåverka pga. eksisterande naust, fritidsbustader og bryggjeanlegg. Ein viser til retningslinje 2.9 i *Kystsonenplanen*, som seier at utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert. Dette området i strandsona er allereie «frigjeve» til utbygging og utbygginga kan sjåast på som fortetting. Planleggjar er av den formening at det er betre med ei effektiv utnytting av strandsona i slike område som allereie ber preg av utbygging og som allereie er bygningspåverka, enn å ta i bruk heilt urørt strandsone til slike føremål.

I planen har ein lagt inn køyrbar gangveg som knyt saman denne planen og naboplanen i nord som også har eigen tilkomstveg for betre tilgjenge for ålmenta. Det er lagt inn siktsoner i tråd med krav frå Statens vegvesen i krysset inn mot fylkesvegen.

## **9. Hordaland Fylkeskommune, 29.10.2018 og 20.02.2019**

### **Landskap, arkitektur og estetikk:**

Dei skriv at planområdet ligg innanfor det regionale landskapsområdet Trøytarosen – Håvikosen, kor landskapet er kjenneteikna av våg- og smalsundlandskap. Dei ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i det vidare planarbeidet og at ein unngår store skjeringar og fyllingar.

### **Friluftsliv:**

Skriv at planområdet er del av det svært viktige regionale friluftsområdet Røyksundkanalen og at dette må takast omsyn til. Dei skriv at det er viktig at planleggjar sikrar grøntstruktur.

### **Strandsone:**

Skriv litt om strandsoneverdiar og kor viktig det er å ivareta ålmenne interesser og hindre uheldig utbygging. Dei ber om at planen skildrar korleis nye tiltak har verknad på tilgjenga i strandsona. Elles viser dei til byggjeforbodet i 100- metersbeltet og skriv at utbygging bør vere forankra i overordna planar og så langt råd lokalisert til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørte område med spesielle kvalitetar.

Dei skriv vidare at utbygging av fritidsbustader og naust privatiserer og stykkar opp strandsona, og meiner det er positivt at planen legg opp til felles småbåthamn og fellesnaust. Etter deira vurdering vil planforslaget slik det ligg føre, ha privatiserande verknad på området. Dei meiner også at parkering bør trekkjast lenger unna strandsona og reduserast.

### **Universell utforming:**

Skriv litt om kva universell utforming dreiar seg om og peikar på at planlegging etter plan- og bygningslova gir mange viktige premisser for universell utforming.

### **Kulturminne og kulturmiljø:**

Skriv at planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga.

Ut i frå deira arkiv har dei ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet. Dei skriv at ut i frå topografiske tilhøve relatert til forhistorisk strandline i dette området, så kan busettingsspor frå steinalderen framleis ligge bevart under marka. Dei må difor gjennomføre ei synfaring for ei nærare vurdering av funnpotensialet før dei kan gje fråsegn til planen. Synfaringa vil bli gjort så snart som råd. Viser også til vurderinga til Bergens sjøfartsmuseum.

## Kommentar:

### Landskap, arkitektur og estetikk:

Planområdet har ingen særskilt interessante landskapstrekk som gjer at området utmerkar seg i høve til kringliggjande landskap. Den planlagde fortettinga vil skje innanfor eit område som allereie ber preg av menneskeleg aktivitet, og vil få eit fint og maritimt preg som vil passe godt inn med eksisterande naust, fritidsbustader og kaiar i området. Alle involverte partar er opptekne av at området skal bli fint. Terrenget stig bratt i bakkant av dei eksisterande og planlagde fritidsbustadane, så ein unngår silhuettverknader og bygningsmassen vil skjule veg og parkering i bakkant i større grad enn det som er tilfellet i dag. Ein vil leggje vekt på god terrengtilpassing når det gjeld dei frittliggjande fritidsbustadane. Når det gjeld fylling i sjø, så er det ynskjeleg med tilstrekkeleg djupne i sjø framom fritidsbustadane slik at ein kan leggje til med båtar langs kai. Ein oppnår også ein meir eins kaifront og slepp store terrenginngrep i bakkant.

### Friluftsliv:

Det er ikkje kjent at andre utanom dei som har fritidsbustader her nyttar dette området i samband med friluftslivsaktivitetar. Ein ser det som positivt at området ligg i nærleiken av Siggjo og friluftsområdet kring Røyksundkanalen, då dette er populære turmål for hytteeigarar og båtturistar i området. Planområdet ligg utanfor det avgrensa friluftsområdet, og ein kan ikkje sjå at den planlagde utbygginga vil gje konsekvensar for Røyksundkanalen. Etter utbygginga vil fleire kunne nytte nærområdet til friluftslivsaktivitetar og for maritim rekreasjon.

### Strandsone:

Strandsona og planen sine verknader for tilgjenge i strandsona er skildra i planomtalen under Kap. 8.10 og i Vedlegg E *Detaljert strandsonevurdering*.

Pbl §1-8 har eit generelt forbod mot tiltak i 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag. Forbodet gjeld så langt ikkje annan byggjegrænse er fastsett i kommuneplanen sin arealdel eller i reguleringsplan. Området er vist som område for fritidsbustader til sjø i kommuneplanen, og føresegnene til kommuneplanen §3.5.4 seier at *for arbeid og tiltak i eksisterande fritidsområde med føremålsgrænse heilt til sjø, samt frådeling til slike føremål, fylgjer byggjegrænse langs sjø føremålsgrænse for fritidsområde*. Det aktuelle området er vist som område for fritidsbustader i kommuneplanen, og det er eksisterande fritidsbustader og naust på begge sider av det området som ein no ynskjer å byggje ut. Planlagd utbygging kan såleis sjåast på som fortetting av eit allereie bygningspåverka område.

For å imøtekomma Hordaland fylkeskommune, så har ein i høve til prinsippskissa ved oppstart av planarbeidet, redusert planlagd utbygging med 2 stk. einingar i område. Dette til fordel for mindre privatisering og meir grøntareal som vil gje auka friareal og tilgjenge for ålmenta. Vidare så har ein trekt noko av parkeringa (SPP2 og SPP3) litt lengre bak. Slik planen no føreligg, så vil eksisterande og nye fritidsbustader såleis i stor grad skjule desse parkeringsplassane, sett frå sjø.

### Universell utforming:

Alle fritidsbustadtomtane vil få køyreveg heilt fram til seg. Området generelt vil verta betre tilgjengeleg enn det er i dag.

### Kulturminne og kulturmiljø:

I brev frå Hordaland Fylkeskommune datert 20.02.2019, skreiv dei at dei fann det naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i planområdet. Ein tok så kontakt med HFK for å avklare omfang og få tilsend kostnadsoverslag for registreringa. Registreringa vart utført i perioden 26.-27. februar 2019, og resulterte i påvising av ein funnstad med tilverka flint frå steinalderen. Ettersom det ikkje blei funne fleire forhistoriske spor i nærleiken knytt til ein definert buplass, så vart funnet kartfesta og registrert som ein ikkje freda funnstad. I brev

datert 26.03.19 skriv HFK difor at ingen automatisk freda kulturminne vart påvist i planområdet, og at funnstaden ikkje har konsekvensar for den vidare planlegginga. Ein har lagt inn i føresegnene at dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, bergkunst, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet, jf. kml. § 8, 2. ledd. Meldeplikta gjeld også dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kml. § 14, 3. ledd. Funn av marine kulturminne meldast til Bergen Sjøfartsmuseum.

#### **10. Fylkesmannen i Hordaland, 29.10.2018**

Skriv at dei ser positivt på fellesløysingar, her under felles naust og bod. Dei vurderer planen til å ha stor privatiserande effekt og meiner 20 stk. fritidsbustader er for mykje i eit elles lite utbygd område. Dei minner om dei statlege retningslinjene som vektlegg behov for ålmenn tilkomst ned til vasskanten og minner kommunen på å sørgje for at det vert sett av grønne område som skal ivareta dette i den vidare planprosessen.

#### **Kommentar:**

Området er sett av til fritidsbustader i gjeldande kommuneplan. Fylkesmannen har rett i at utnyttingsgraden og talet på einingar er relativt høgt i området. Det er fleire grunnar til dette. Ein viser til retningslinje 2.9 i *Kystsoneplanen*, som seier at utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert. Dette området i strandsona er allereie «frigjeve» til utbygging og er allereie bygningspåverka pga. dei eksisterande fritidsbustadane og nausta i området. Planleggjar er av den formeining at det er betre med ei effektiv utnytting av strandsona i slike område som allereie ber preg av utbygging og som allereie er bygningspåverka, enn å ta i bruk heilt urørt strandsone til slike føremål. Som ein har kommentert under merknaden frå Hordaland fylkeskommune, så kan den planlagde utbygginga sjåast på som fortetting, då det er eksisterande rorbuer og naust på både sider av utbyggingsområdet i dag. I tillegg så er det slik at fysiske inngrep ikkje treng å vere til hinder for ferdsle i strandsona. Inngrepa kan i staden bidra til at strandsona vert betre tilgjengeleg og meir attraktiv i samband med friluftsliv. Dei planlagde tiltaka oppmodar til utøving av sjørelaterte aktivitetar. I reguleringsplanen har ein vald å trekkje nokre av fritidsbustadane litt opp frå strandlina for å behalde delar av strandlina heilt ned mot sjø fri for utbygging og såleis redusere privatiseringsgraden i området. Ein ynskjer også å knyte planområdet saman med naboplanen i nordaust med ein køyrbar gangveg. Denne skal vere open for ålmenn ferdsle.

#### **11. Fiskarlaget Vest, 03.05.2019**

Dei viser til tilsendt e-post frå Gøtz AS med fortøyingssplan motteke 02.04.2019 og skriv at dei framleis stiller seg svært kritiske til planforslaget og viser til tidlegare innsendt merknad av 29.10.2018. I førre merknad tolka dei at fortøyingane var teikna heilt i reguleringsplangrensa, slik at dei mest sannsynleg ville koma ut i kaste-/låssettingsområdet. Dette kunne dei ikkje akseptere. På bakgrunn av tilsendt fortøyingsskart i etterkant, så skriv dei at det med dette kan konstaterast at fortøyingane kjem utanfor reguleringsområdet og at kvar av fortøyingane som kjem inn i kaste-/låssettingsplassen vil kunne vere til hinder for utøving av fiske/låssettingsområdet. Dei opplyser om at det i dette området vert fiska/låssatt fisk for ca. 1.000.000 kvar år, og stiller spørsmål ved korleis kommunen, via den juridisk bindande kommuneplanen, ivaretek dei hevdvunne fiskeinteressene når «alt» likevel skal vere lov i/ved fiskeområda. Dei viser også til deira kommentarar om digitalisering av kommuneplanen. Dei vil elles understreke at ved utøving av fiske, så er fiskarane avhengig av å ha mogleik til å kunne fortøye lås i land. Staten har i dette området sett opp boltar til fortøying, og der det ikkje er bolta nyttar ein gjerne steinar, trær m.m. Dei finn det vanskeleg å seie noko om kor mange fortøyingar dei treng, og kvar dei skal vere, då det er avhengig kor mange lås, og kor mykje reiskap som vert nytta. Til slutt vil dei minne om at det tidlegare



har vore klager på fiske og ferdsel av fiskebåtar i området, samt at fortøyingar til mêrdane har blitt løyst opp, utan at fiskar har blitt orientert. Fiskarlaget Vest går framleis i mot omsøkte tiltak.

### **Kommentar:**

Ein er samd i at det teoretisk sett er uheldig at fortøyingar/feste til flytebryggene enkelte stadar kjem noko ut i område avsett som kaste og låssettingsområde, men i den grad dette skjer, så kan ein samstundes ikkje sjå at det i praksis vil gje nemneverdige konsekvensar for fiskeinteressene. Ein har forstått det slik at det er tilgjenge til låssetting – og ikkje kasting, som er tema her, og fortøyingar/feste til flytebryggene vil ikkje vere til vesentleg hinder for dette. Når det er sagt så har ein etter ynskje hjå Fiskarlaget vest etter første merknad 29.10.2018 utarbeidd ein fortøyingsplan som syner korleis fortøyingar til planlagde båtanlegg vil bli liggjande. Denne vart oversendt dei 03.01.2019, kor ein bad om konkrete innspel til fortøyingsplanen, for å få litt meir informasjon om korleis område vert brukt i dag og korleis ein eventuelt kan imøtekoma deira interesse i område. I oversendingsmaien skreiv ein:

*«Her kjem eit utkast til fortøyningsplan for planlagde flytebrygger i fritidsbustad- området i Vestre vågen, Håvik Ytre. Me held på med å klargjere planforslaget for innsending til 1.gongshandsaming. Planen er å få sendt det inn relativt snart. Har de merknader til fortøyningsplanen no før innsending, eller vil de heller koma med uttale til den i samband med off. ettersyn? De må gjerne markere på kartet kor det er naturleg for dykk å feste lås på land slik at me kan få det inn i fortøyningsplanen og få innarbeidd det i føresegnene. Flott med snarleg tilbakemelding».*

Først 03.05.19 fekk ein svar frå Fiskarlaget, men dette minna meir om ein uttale til offentleg ettersyn enn ei tilbakemelding/ innspel til fortøyingsplan som ein førespurde. Dei sendte også kopi av sin uttale til Sunnhordland Fiskarlag, Fylkesmannen i Vestland og Fiskeridirektoratet region Vest, noko som var uheldig, då det resulterte i at ein i neste omgang fekk varsel om mogleg motsegn frå Fiskeridirektoratet datert 12.05.2019. I dette skrivet viser Fiskeridirektoratet til ein kopi av samordna motsegn frå Fylkesmannen i Vestland. Her trur ein at det har skjedd ei misforståing, og at dei har blanda med ein annan reguleringsplan i nærområde som har liknande reguleringsplannamn og går parallelt. Det er uansett uheldig at fleire vart involvert i det som skulle vere ei intern klargjering for å imøtekoma Fiskarlaget vest sin merknad og interesse i område før planen vart lagt ut til Offenleg ettersyn. Ein har også diskutert dette med sakshandsamar i Bømlo kommune, og kome fram til at desse uttalane ikkje vil verta kommentert no i samband med planarbeidet, og heller lyt kome i samband med at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Ettersom ein ikkje fekk vidare svar på fortøyingsplanen og innspel til tilpassing hjå Fiskarlaget Vest, bad ein etter 1. gangsbehandling Fiskarlaget om dialog 01.04.2020 for å drøfte utbyggingsplanane og finne ei løysing for å komma vidare med planen. Vedlagt sendte vi til denne førespurnaden justert planforslag, kor ein mellom anna hadde forsøkt å imøtekoma dei med følgjande tiltak; trekt fyllingar tilbake i tråd med føresegnene til kommuneplanen, erstatta fleire flytebrygger med faste kaianlegg for å få færre fortøyingar i sjø, redusert plangrensa i tråd med føremålsgrensa i kommuneplanen, og redusert tal einingar. Ellers vart det foreslått å ta med følgjande i føresegnene:

### **Rekkefølgekrav**

*Det er registrert eit gyteområde for torsk utanfor planområdet i nordaust. Utfylling i sjø skal ikkje gjennomførast i gyte- og oppvekstperioden (januar-april). Tiltaket skal ikkje vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd.*

### **Kaste- og låssettingsplass**

*Det er registrert kaste- og låssettingsplass i/ved reguleringsområdet. Tiltak i reguleringsområdet skal ikkje vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til*

*fiskeriverksemd, inklusiv fiske med lys. Det gjeld òg bruk av/ ferdsel i fiskeområdet i heile vågen i heile vågen av brukarane av/besøkjande til reguleringsområdet.*

*Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydde til land eller oppankra på anna vis, jf. §27 i Havressurslova. Det skal vere høve til å feste steng i kaiar/flytebrygger innanfor planområdet.*

*Fisk i steng er sårbar for sprengingsarbeid og eigar av eventuell fisk i steng skal kontaktast ved sprengingsarbeid og liknande.*

Svar på dette vart gitt hjå Fiskarlaget vest 28.05.2020, sjå merknad under.

## **12. Fiskarlaget Vest, 28.05.2020**

I Fiskarlaget vest sitt svar på ovanfor nemnd førespurnad, viser dei til Bømlo kommune sitt vedtak ved utval for areal og samferdsel PS 98/19 punkt 2, 13.11.19, kor det står at planen ikkje kan leggjast ut til offentleg ettersyn for planframlegget ivaretek og sikrar fiskarane sine interesser i område. Fiskarlaget meiner at planforslaget framleis ikkje ivaretek og sikrar fiskarane sine interesser. Dei startar med å påpeika at føresegna om kaste/låsettingss plass var eit krav dei stilte, dersom ein gjekk vidare med planen mot deira vilje. Dei er framleis svært skeptisk til planane som føreligg då tiltak ligg i tilknytning til område som er mykje nytta til fiske. Dei meiner det allereie er tett utbygging i område som legg press på fiskeområda, og at kaste- og låsettingss plassen i dette planområdet er det mest brukte område for fiskarane. Registering av slike kaste- og låsettingss stadar er gjort på grunnlag av å unngå framtidig konflikt, då sjøvern er like viktig for fiskarane som jordvern er for bøndene. Ved låsettingss fiske er fiskarane avhengig av å kunne fortøye lås i land, utan at dei kan seie noko om kor desse blir, då det er avhengig av kor mange lås, og kor mykje reiskap som vert brukt. Nokre stadar er det i dette område sett boltar til fortøying ved yrkesfiske, andre stadar nyttas stein m.m. til fortøying. Fleire av desse er med tida sprengd bort i tilgrensa område, og erstatta med fritidsbustadar og småbåtanlegg, noko som gjer dette vanskeleg. Dei opplev også klager i samband med fiske og fiskebåtar, då det tidvis kan medføre støy og lysbruk, både dag og natt. Dette har m.a. medført losning av fortøyingar og konfliktar utan at fisker er blitt orientert. Dei meiner også at område bør ivaretakast basert på kulturlandskap med gamle naust og lønnsamt fiskeri på tradisjonelt vis, som også bidreg til sjølvforsyning i ei usikker framtid. Meir utbygging, trafikk på land og i sjø, og auka aktivitet i område generelt, vil også kunne hindre innsig av fisk eller stresse fisken ytterlegare. Dei meiner også at fiske bør sjåast som ein viktig ressurs i framtida som gjev mat og arbeidsplassar, og at sjøen så langt råd er, må haldast rein og fri for miljøgifter.

### *Kommentar:*

Etter 1. gongs handsaming har ein valt å justere planforslaget for å unngå vidare konflikt. Slik planen no føreligg, så skal alle tiltak vere i tråd med overordna plan (sjå detaljert strandsonevurdering, vedlegg E). Planavgrensing er justert slik at det no fylgjer føremålsgrrensa frå kommuneplanen, med unntak av eksisterande flytebrygger. Mesteparten av dei planlagde flytebryggene er erstatta med faste brygge-/kaianlegg som ikkje treng fortøyingar. Naudsynte fortøyingar er elles justert og sikra innanfor planens avgrensing, slik at dei ikkje kjem i konflikt med utanforliggjande areal og fiskeinteresser.

## 7.0 OMTALE / KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET

### Arealbruk (pbl § 12-5), arealoppgåve

Planområdet er totalt ca. 17,8 daa

Av det er:

1. Bygningar og anlegg
  - Fritidsbustader – frittliggjande, BFF1-BFF3 4,1 daa
  - Fritidsbusetnad – konsentrert, BFK1-BFK7 3,0 daa
  - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilh. strandsone, BBS1-BBS8 1,7 daa
  - Naust, f\_BUN 0,2 daa
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
  - Køyreveg, o\_SKV1, SKV2 1,9 daa
  - Køyrbar gangveg, SGG1-SGG3 0,7 daa
  - Annan veggrunn - grøntareal, o\_SVG1-o\_SVG2, SVG3-SVG6 0,4 daa
  - Kai, SK1-SK5, f\_SK6, SK7-SK10 0,5 daa
  - Parkeringsplassar, f\_SPP1-SPP2-SPP4 1,1 daa
3. Grøntstruktur
  - Friluftsmål, LF1-LF10 3,1 daa
4. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone
  - Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilh. strandsone, VFS1-VFS5 1,3 daa
5. Omsynssoner
  - Frisikt, H140\_1-H140\_2 0,02 daa

### BYGNINGAR OG ANLEGG

#### Fritidsbusetnad – Frittliggjande, BFF1-BFF3

Innanfor områda BFF1-BFF3 kan det førast opp til saman 7 stk. frittliggjande fritidsbustader.

Talet på einingar innanfor områda BFF1-BFF3 er som følgjer:

BFF1: 3 stk. (3 nye)  
BFF2: 3 stk. (3 nye)  
BFF3: 1 stk. (1 ny)

Maks BRA pr. eining er 110m<sup>2</sup>. Maks mønehøgde er 6,5m målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Takform skal fastsetjast i byggjemeldinga. Dei 7 fritidsbustadane er trekt eit stykke opp frå strandlinja for å frigjere meir grøntareal og fellesområde ned mot sjø. Med unntak av H2, vil fritidsbustadane liggje utanfor 25 metersbeltet mot sjø. Sidan den køyrbare gangvegen skal gå framom fritidsbustadane, har eit vurdert det slik at det er denne som vert styrande for byggjegransa mot sjø for dei 7 tomtane.

Ein ynskjer å bevare eksisterande vegetasjon og landskap i størst mogleg grad, og har difor lagt inn i føresegnene at plassering og utforming av fritidsbustadane i størst mogleg grad skal underordna seg naturpreget i området. Vidare har ein lagt inn at ein ikkje skal planere tomtane meir enn det som er naudsynt for ei hensiktsmessig plassering av fritidsbustadane.

Ca. høgdeplassering for dei ulike tomtene innanfor BFF1-BFF3 er vist i plankartet og er ei førebels høgde. Høgden skal i hovudsak vera som vist på reguleringsplan +/- 0,5m.

Eventuelt avvik frå kotehøgde i plan kan etter nærare dokumentasjon/søknad godkjennast av kommunen i kvart einskild tilfelle. Omsyn til omkringliggjande tomter/terreng skal vektleggjast



i denne vurderinga. Terrenget stig godt på i bakkant, så ein vil ikkje få uheldige silhuettverknader her.

Det kan byggjast 1 stk. uthus med maks 15m<sup>2</sup> grunnflate pr. eining. Maks mønehøgde 3,0m. Uthus kan førast opp utanfor regulerte byggjegransar, men skal plasserast min. 1,0m frå nabogrense.

#### Fritidsbusetnad - konsentrert, BFK1-BFK7

Innanfor områda BFK1-BFK7 kan det førast opp til saman 12 stk. nye konsentrerte fritidsbustader, anten som frittliggjande bygningar eller i rekkje. I tillegg er det 4 stk. naust og 1 stk. fritidsbustad innanfor planområdet frå før. Ein legg i planen opp til at dei 4 nausta kan rivast/byggjast om og bruksendrast til fritidsbustader.

Talet på einingar innanfor områda BFK1-BFK7 er som følgjer:

BFK1: 3 stk. (2 eksisterande og 1 ny)

BFK2: 1 stk. (1 ny)

BFK3: 3 stk. (3 nye)

BFK4: 1 stk. (1 eksisterande)

BFK5: 2 stk. (2 nye)

BFK6: 2 stk. (1 eksisterande og 1 ny)

BFK7: 5 stk. (1 eksisterande og 4 stk. nye)

Maks BRA pr. eining er 110m<sup>2</sup>. Maks mønehøgde er 8,0m målt frå ferdig golv. Terrenget stig bratt i bakkant, så ein vil ikkje få uheldige silhuettverknader her. Nye fritidsbustader skal plasserast med overkant golv i 1. etg. på min. kote +2,5 m.o.h.. Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 35-45 grader. Takutstikk skal vere knappe. Ein har lagt inn i føresegnene at ein skal søkje løysingar med variasjon i storleik, retning og høgde for dei konsentrerte fritidsbustadane. Terrasse/veranda kan byggjast i bakkant av fritidsbustadane (på motsett side av strandlinja), anten på bakkeplan eller i 2. høgda. På sjøsida kan det ikkje byggjast altan større enn 14 m<sup>2</sup>, maks 2,0m ut frå veggiv.

For eksisterande naust/ fritidsbustader i området er det fylt eit godt stykke ut i sjø. Dette er gjort fordi det er grunt her, og ein er avhengig av å gå så langt ut for å få tilstrekkeleg djupne for å kunne leggje til med båtar. Ein har lagt opp til tilsvarande utfylling for ein del av dei nye fritidsbustad- tomtane, noko som medfører at kaikanten vil gå litt lengre ut enn 3m frå kystkonturen slik kommuneplanen opnar for. Det er viktig at området og båtplassane blir funksjonelle og faktisk kan brukast. Dette er eit lite avvik frå kommuneplanen, som vi meiner bør vere akseptabelt.

Fritidsbustadane skal ha tilgang til min. 2 parkeringsplassar, anten på eigen grunn eller på parkeringsplass i nærleiken. Rett til veg og parkeringsplass skal dokumenterast før det vert gjeve delings- eller byggjeløyve.

#### Småbåtanlegg, BBS1-BBS8

Innanfor områda BBS1-BBS8 kan det etablerast brygger (faste og flytande), båtopptrekk og båtfeste for småbåtar. Enkelte stadar er det naturleg grunt i sjøen, og ein ser difor også føre seg at det kan verta aktuelt med noko muddring.

Nedanfor har ein skildra kva som er eksisterande og kva ein kan få lov til innanfor dei ulike områda.

#### **BBS1:**

Innanfor BBS1 er det 2 stk. eksisterande private flytebrygger til bruk for EF1 og EF2 frå før. I tillegg er det sett av båtplass ved kai for fritidsbustad nr. 1.



Biletet viser eksisterande flytebrygge for EF3 (8/54).

**BBS2:**

Innanfor BBS2 er det 1 stk. eksisterande privat flytebrygge til bruk for EF3 frå før. I tillegg kan det etablerast 1 stk. landfaste flytebryggjer m/ landgang til bruk for fritidsbustad nr. 2. Maks storleik på nye flytebrygge er 15m<sup>2</sup> og maks breidde er 2,5m.

**BBS3:**

Innanfor BBS3 kan det etablerast 1 stk. båtplass ved kai til bruk for EF5.

**BBS4:**

Innanfor BBS4 kan det etablerast utriggarar og maks 3 stk. båtplassar som kan nyttast etter avtale med grunneigar.

**BBS5:**

Innanfor BBS5 kan det etablerast utriggarar og maks 3 stk. båtplassar som kan nyttast etter avtale med grunneigar.

**BBS6:**

Innanfor BBS6 kan det etablerast 1 stk. båtplass ved kai til bruk for fritidsbustad nr. 7.

**BBS7:**

Innanfor BBS7 kan det etablerast ei felles privat flytebrygge med utriggarar. Totalt kan det etablerast 12 stk. båtplassar her. Maks storleik på flytebrygga skal vere 3,5x18,0m pluss landgang. Det er ei like stor flytebrygge her frå før, men denne skal anten erstattast med ei ny, eller rustast opp. Det er berre ein utriggar til eksisterande flytebrygge i dag.





Biletet viser eksisterande flytebrygge innanfor BBS7 (8/7).

I dag er flytebrygga til bruk for eigar av 8/7. Når ein har rusta opp eller erstatta den eksisterande flytebrygga med ei ny, ser ein altså føre seg at det kan bli ca. 12 båtplassar her. Planen er då at dei frittliggjande fritidsbustadane H1-H7 skal kunne leige eller kjøpe båtplass her, samt at eigar av 8/7 skal kunne disponere nokre plassar sjølv. Når det gjeld parkering i samband med småbåtanlegget, så vil altså dei fleste brukarane ha fritidsbustader innanfor planområdet og eigar av 8/7 bur oppe ved Finnåsvegen. Ein har difor vurdert det slik at det vil vere tilstrekkeleg å sette av 1 parkeringsplass på SPP3 for brukarane av småbåtanlegget.

#### BBS8:

Innanfor BBS8 er det eit eksisterande båtopptrekk som skal liggje som i dag. I tillegg kan det etablerast utriggarar i tilknytning til Kaianlegg SK7.

Totalt kan det etablerast 7 stk. båtplassar til bruk for fritidsbustadane nr. 8.-10. (4stk.), EF4 (1stk.) og fritidsbustadane nr. 11.-12.(2stk.).



Eksisterande båtopprekk innanfor BBS8 (8/7).

#### Naust, f BUN

Innanfor f\_BUN kan det førast opp 1 stk. fellesnaust med boder. Maks storleik på fellesnaust er 80m2 BYA. Parkering inngår ikkje i denne berekninga.

Maks mønehøgde er 7,0m målt frå topp innvendig golv. Naustet skal ha saltak med vinkel mellom 40-45 grader, og tilpassast eksisterande bygningsmiljø.



Naustet skal plasserast på min. kote +2,0. Endeleg plassering av bygg vert fastsett av kommunen i samband med byggemeldinga. Naustet skal plasserast på min. kote +2,0. Endeleg plassering av bygg vert fastsett av kommunen i samband med byggemeldinga. Tanken er at eigarane av dei frittliggjande fritidsbustadane H1-H7 som skal disponere båtplass ved flytebrygga innanfor BBS5 skal kunne leige ei sjøbu kor dei for eksempel kan lagre fiskeutstyr, redningsvestar, bensin osv.

Det er lagt opp til 1 parkeringsplass bak fellesnaustet. Dette er vurdert til å vere nok, sidan eigarane av H1-H7 har parkering ved fritidsbustadane sine.

## **SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### Køyreveg, o SKV1, SKV2

O\_SKV1 er eksisterande fylkesveg 12, Finnåsvegen. Denne vegen skal liggje som i dag.

Fylkesvegen har ein ÅDT på 450 og ei fartsgrense på 60km/t.

SKV2 er ein eksisterande privat køyreveg som vart etablert 2006. Vegen fungerer i dag som tilkomstveg for bustader og fritidsbustader i området. Vegen er opparbeidd med grus og skal liggje som i dag. Nye fritidsbustader vil få tilkomst via denne vegen.

### Køyrbar gangveg, SGG1-SGG3

SGG1-SGG3 skal opparbeidast som private felles køyrbare gangvegar for brukarane av tilgrensande eigedomar. Regulert breidde er 3,0m. Vegane skal opparbeidast med grus. Dimensjonerande fartsgrense er 30km/t, men truleg vil ein halda lågare fart enn dette. SGG2 skal koplast på eksisterande køyreveg i naboplanen i nord. På denne måten vil nokre av fritidsbustadane nord i planområdet potensielt kunne få vegrett denne vegen. Ein vil også få betre tilgjenge for turgåarar i strandsona.

### Anna veggrunn – grøntareal, o SVG1-o SVG2, SVG3-SVG6

Dette arealet kan nyttast til snølagring, vegutviding, avkøyrslar, grøfter, skråningar og skjeringar.

### Kai, SK1-SK5, f SK6, SK7-SK10

Området kan nyttast til felles kai for båtfeste og flytebryggjer for småbåtar til fritidsbustadane i området. SK1 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad nr. 1, og vil gje tilkomst til privat båtplass. SK2 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustadane på eigedom 8/41, og vil gje tilkomst til private båtplassar. SK3 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustadane på eigedom 8/46, og vil gje tilkomst til private båtplassar. SK4 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad nr. 6., og vil gje tilkomst til privat båtplass. SK5 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad nr. 7., og vil gje tilkomst til privat båtplass. f\_SK6 skal opparbeidast som privat felles kai til bruk for naust i f\_BUN, og vil gje tilkomst til felles flytebrygge. SK7 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustadane nr. 8.-10., og vil gje tilkomst til private båtplassar. SK8 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustadane nr. 11.-12., og vil gje tilkomst til private båtplassar. SK9 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad nr. 2, og vil gje tilkomst til privat flytebrygge. SK10 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad på eigedom 8/40, og vil gje tilkomst til privat båtplass. Kaiane skal vere opne for ålmenn ferdsle, og det skal ikkje setjast opp gjerde eller andre stengsel på kaiane som hindrar fri ferdsle i strandsona.

### Parkeringsplassar, f SPP1, SPP2-SPP4

Det er satt av 4 stk. parkeringsplassar innanfor planområdet.

F\_SPP1 er ein eksisterande parkeringsplass som etter reguleringa har plass til 9 bilar. I dag er det plass til ca. 11 bilar her, men 2 av plassane går vekk for å få plass til den køyrbare gangvegen som går vidare nordover. F\_SPP1 er ein felles parkeringsplass som nokre av dei eksisterande eigedomane har rett til å parkere på.

Elles har ein lagt inn 3 nye område for parkering i planen. Parkeringsplassane kan disponerast etter avtale med grunneigar.

Føresegnene seier at fritidsbustader skal disponere 2 parkeringsplassar kvar, anten på eigen grunn eller på areal i nærleiken. For naust er det 1 parkeringsplass som gjeld. Ein har satt opp ein tabell for å få fram korleis ein har tenkt parkering for dei ulike einingane innanfor feltet:

| Formål | Eining | Gnr./bnr. | Krav til p-plassar | Parkering                                                                        |
|--------|--------|-----------|--------------------|----------------------------------------------------------------------------------|
| BFF1   | H1     | 8/7       | 2 stk.             | På eigen grunn ved fritidsbustad                                                 |
|        | H2     | 8/7       | 2 stk.             | På eigen grunn ved fritidsbustad                                                 |
|        | H3     | 8/7       | 2 stk.             | På eigen grunn ved fritidsbustad                                                 |
| BFF2   | H4     | 8/7       | 2 stk.             | På eigen grunn ved fritidsbustad                                                 |
|        | H5     | 8/7       | 2 stk.             | På eigen grunn ved fritidsbustad                                                 |
|        | H6     | 8/7       | 2 stk.             | På eigen grunn ved fritidsbustad                                                 |
| BFF3   | H7     | 8/7       | 2 stk.             | På eigen grunn ved fritidsbustad                                                 |
| BFK1   | EF1    | 8/40      | 2 stk.             | Parkering på eigen grunn ved fritidsbustad. Disponerer også 1 p- plass på f_SPP1 |
|        | EF2    | 8/10      | 2 stk.             | Parkering på eigen grunn ved fritidsbustad. Disponerer også 1 p- plass på f_SPP1 |
|        | 1      | 8/79      | 2 stk.             | Parkering på eigen grunn ved fritidsbustad. Disponerer også 1 p- plass på f_SPP1 |
| BFK2   | 7      | 8/7       | 2 stk.             | 1 plass på f_SPP1 og 1 plass på SPP3.                                            |
| BFK3   | 8      | 8/7       | 2 stk.             | SPP3                                                                             |
|        | 9      | 8/7       | 2 stk.             | SPP3                                                                             |
|        | 10     | 8/7       | 2 stk.             | SPP3                                                                             |
| BFK4   | EF4    | 8/19      | 2 stk.             | SPP4 etter avtale med grunneigar                                                 |
| BFK5   | 11     | 8/7       | 2 stk.             | SPP4                                                                             |
|        | 12     | 8/7       | 2 stk.             | SPP4                                                                             |
| BFK6   | EF3    | 8/54      | 2 stk.             | Parkering på eigen grunn ved fritidsbustad. Disponerer også 1 p- plass på f_SPP1 |
|        | 2      | 8/1       | 2 stk.             | Parkering på eigen grunn ved fritidsbustad. Disponerer også 1 p- plass på f_SPP1 |
| BFK7   | EF5    | 8/41      | 2 stk.             | SPP2                                                                             |
|        | 3      | 8/41      | 2 stk.             | SPP2                                                                             |
|        | 4      | 8/46      | 2 stk.             | SPP2                                                                             |
|        | 5      | 8/46      | 2 stk.             | SPP2                                                                             |
|        | 6      | 8/7       | 2 stk.             | På eigen grunn ved fritidsbustad                                                 |
| B/U/N  | f_BUN  | 8/7       | 1 stk.             | 1pl. på eigen grunn ved naust                                                    |
| BBS7   | BBS7   | 8/7       | 1 stk.             | SPP3                                                                             |

## LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT

### Frionråde, LF1-LF10

Dette er områda utanfor byggjeområda. Områda kan nyttast til friluftsområde. Så langt som råd er skal eksisterande terrengform og vegetasjon takast vare på. Det kan leggjast til rette for vatn- og avlaupssystem i frionråda. Elles kan det ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nytta områda som friluftsområde.

## BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILH. STRANDSONE

### Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilh. strandsone, VFS1-VFS5

Området skal vere fritt tilgjengeleg for ålmenta og nyttas til sjø- og vassaktivitetar.

## OMSYNSSONER

### Frisikt, H140 1-H140 2

Innanfor frisiktsona skal det vere tilfredsstillande fri sikt i alle kryss og avkøyrslar.



Bileta viser sikt i eksisterande kryss inn mot fylkesvegen.

## TEKNISKE ANLEGG

### Vatn og avlaup

Det er ikkje vatn- og avlaupsanlegg i området i dag. Det skal borast etter vatn for nye einingar. Når det gjeld avlaup, så ser ein føre seg at det vert etablert slamavskiljar/reinseanlegg (felles eller separat anlegg) med utslepp i sjø.

Det er laga ein overordna VA-plan som ligg vedlagd. Denne VA-planen viser prinsippet og ei mogeleg løysing for VA. Planen kan endrast i samband med detaljplanlegginga.

Anlegget for vatn og avlaup vert privat og skal ikkje overtakast av kommunen .

### Overvatn

Vert sleppt til terreng/sjø.

### Straum


Det er straum i nærområdet i dag og det vil ikkje vere noko problem å leggje straum til dei nye fritidseiningane.



## 8.0 PLANFAGLEGE VURDERINGAR


### 8.1 Kulturlandskap og kulturminne

I følge kartdata frå databasane AREALIS og Miljøstatus.no, er det ingen kjende kulturhistoriske funn eller kulturminne innanfor planområde, men på gnr,8, bnr. 54 er det eit SEFRAK-registrert naust frå 1800-t (SEFRAK-id: 1219-0008-011). Naustet har ikkje originale materiale i dag og lite vedlikehald i seinare tid. Naustet er meldepliktig ved riving/ombygging, og grunneigar har planar om å rivet det i framtida. Kartet under viser kvar naustet er plassert.



Raud trekant i kart viser kvar det SEFRAK-registrerte naustet på eigedom 8/54 ligg.

I samband med oppstartsmeldinga kom Hordaland Fylkeskommune med krav om at dei måtte gjennomføre ei arkeologisk registrering i området for å oppfylle undersøkingsplikta etter kulturminnelova §9. Den arkeologiske registreringa vart utført i perioden 26. – 27. februar 2019, og resulterte i påvising av ein funnstad med tilverka flint frå steinalderen.



Kartet viser funnstaden som ligg på eigedom 8/7.

Ettersom det ikkje blei funne fleire forhistoriske spor i nærleiken knytt til ein definert buplass, vart det einskilde funnet kartfesta og registrert som ein ikkje freda funnstad.

### *Konklusjon:*

SEFRAK-registrert bygg skal stå som i dag, og det er elles ingen automatisk freda kulturminne som er påvist i planområdet. HFK har etter den arkeologiske registreringa konkludert med at funnstaden ikkje vil gje konsekvensar for den vidare planlegginga. Det er i føresegnene teke med at dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, bergkunst, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet, jf. kml. § 8, 2. ledd. Ein har også lagt inn at Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve områda. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

## **8.2 Samfunnsverknader**

### **Lokalt / Nærmiljø**

Området er i bruk som område for naust og ein fritidsbustad med tilhøyrande småbåtanlegg i dag. Planen legg opp til fortetting i eit allereie bygningspåverka område. Ei utbygging som planlagd vil gjere området meir heilskapleg, og bidra til at fleire kan nytte det til rekreasjon og fritidsaktivitetar. Området vil verta meir brukt på generell basis. Den planlagde utbygginga vil stå i stil med den eksisterande bygningsmassen i nærområdet, og ein ynskjer å gjere området meir tilgjengeleg enn det er i dag. Dei nye einingane vil elles ikkje stele utsikt eller sol frå eksisterande bakanforliggjande bustader eller fritidsbustader.

Området i sjø utanfor planområdet er brukt til låssetting av makrell, sild og brisling, og er mykje brukt. I merknaden som har kome inn frå Fiskarlaget Vest i samband med oppstartsmeldinga, så skriv dei at dei er svært skeptiske til at det blir lagt til rette for fritidsbustader inkl. småbåtanlegg ved eit område som er nytta til fiske.

### **Kommunalt**

I Bømlo kommune ynskjer ein vekst og aktivitet. Planen vil i stor grad ivareta dei gode kvalitetane som er i området. Ingen veg- eller VA- anlegg skal overtakast av kommunen. Kommunen har elles ingen almenne interesser.

### *Konklusjon:*

Ein ser det som positivt at når utbygginga av området er ferdig vil fleire kunne bruke det og få tilgang til strandsona.

Når det gjeld omsynet til fiskarar som brukar området i sjø, så er tiltakshavarane opptekne av å leggje til rette for at området kan brukast som før av fiskarane. Det er fleire større godkjende flytebrygger i området i dag som også har fortøyingar som går ut i kaste- og låssettingsområdet utan at det er problem for den praktiske bruken som fiskaren har. Eksisterande flytebrygger går også lengre ut enn det fortøyingssplanen legg opp til at dei nye bryggene skal gjera. Ein kjenner ikkje til at det har vore konflikhtar mellom eigarane av eksisterande flytebrygger og fiskarar i området tidlegare, og det er berre låssetting i det aktuelle området – ingen kasting. Ein er open for innspel til korleis nye flytebrygger kan plasserast og fortøyast slik at dei er til minst mogleg ulempe, og ein kan sjå på alternative innfestingsmåtar i kai som reduserer behovet for anker osv.. Vidare peikar Fiskarlaget i sin merknad også på at fiskarane er avhengige av å ha moglegheit til å fortøye lås i land. Ein har oppmoda Fiskarlaget til å kome med tilbagemelding på kor dei treng å kunne fortøye i land, men dei skriv at det er vanskeleg å seie kor mange fortøyingar, og kor desse blir, då det er avhengig av kor mange lås, og kor mykje reiskap som blir brukt. Ein har difor lagt inn ei

generell føresegn om at det skal vere høve til å feste steng i kaiar/flytebrygger innanfor planområdet. Vidare har ein lagt inn ynskja føresegn ang. kaste- og låssettingsplassen. Reguleringsplanen er elles ein privat plan der kommunen ikkje har nokre allmenne interesser. Planarbeidet vil såleis ikkje medføre økonomiske konsekvensar for kommunen.

## **8.3 Transport**

### **Bil**

Den planlagde utbygginga vil føre til noko auka trafikk ned i området enn det som er der i dag. I planen har ein lagt inn siktsonar i tråd med vegnormalen inn mot fv.12. Ein har lagt opp til at den køyrbare gangvegen kan knytast saman med eksisterande køyreveg nordaust for planområdet. På denne måten kan nokre av dei nye fritidsbustadane få vegtilkomst frå nord via PV97042. Dette er ein privat køyreveg som er under regulering no (reguleringsplan fritidsbustader Buaskjeret, gnr. 8 bnr. 95 m.fl., Håvik ytre, planID: 201713). Ein lyt få vegrett til å bruke denne vegen og truleg måtta kjøpe seg inn i vegen dersom den skal nyttast som tilkomstveg for nokre av fritidsbustadane innanfor planområdet. I føresegnene har ein lagt inn at dei køyrbare gangvegane ikkje skal nyttast til gjennomkøyring.

### **Gang- og sykkelveg**

I planen har ein regulert inn nokre køyrbare gangvegar i området. Desse betrar tilgjenge til strandsona samt til nye og eksisterande einingar.

### **Buss**

Det går buss forbi planområdet oppe ved fylkesvegen, men ein ser det ikkje som sannsynleg at utbygginga vil medføre nokon auke i busstrafikken.

### **Båt**

Området ligg i tilknytning til øyriket på Bømlø, og det er naturleg å tenkje seg at tilkomsten for mange av fritidsbustadeigarane i planen er ynskja frå sjø. Planen vil føre til auka aktivitet i området og dermed også litt auka båttrafikk i området. Det er som nemnd ein registrert kaste- og låssettingsplass utanfor reguleringsområdet. Ein er oppteken av at planlagde kaiar, flytebrygger og ferdsel til/frå reguleringsområdet ikkje skal verta til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd. Ein har difor vore i kontakt med Fiskarlaget vest og sendt dei ei skisse over planlagde kaiar og flytebrygger inkl. fortøyingar slik at dei kunne få uttale seg før planforslaget vart lagt ut til off. ettersyn. Viser til merknadshandsaminga under pkt. 6. Ein har lagt inn i føresegnene at tiltak i reguleringsområdet ikkje skal vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd. Det er også lagt inn i føresegnene at det er forbode å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydde i land eller oppankra på anna vis, jf. §27 i Havressurslova.

### **Støy-/lysforureining**

Den trafikkauken som utbygginga vil føre med seg, vil vere beskjedne og av same art som den trafikken som er i området i dag med småbilar og småbåtar. Omfanget vil ikkje vere så stort at det vert problematisk. Området ligg utanfor gul støysone frå fylkesvegen som er kartlagd av Statens vegvesen.

Utanfor planområdet er det som nemnd registrert ein kaste- og låssettingsplass. I samband med oppstartsmeldinga, skreiv Fiskarlaget Vest i sin uttale at det erfaringsmessig vert klagt



på bråk frå fiskebåtar på dag og nattestid, bruk av lys (lysfiske ved bruk av lys) og samling/støy frå fuglar ved fiske.

## Trafikktryggleik

Auka trafikk vil normalt gje auka trafikkfare. Sidan trafikkauken vil vere liten så reknar ein ikkje med at utbygginga vil gje nemneverdig trafikkfare. Det er ingen farlege kryss eller avkøyrslar innanfor området og ein har lagt inn siktsoner i alle kryss i plankartet. Tilkomstvegen vil få låg ÅDT og bilistane vil halda låg fart. Vegane innanfor planområdet vil difor kunna nyttast av mjuke trafikkantar så vel som køyrande. Ein har ikkje vurdert trafikktryggleik og tilgjenge til skule og barnehage, då det her er snakk om bygging av naust og fritidsbustader.

### Konklusjon:


Planen vil gje ei lita auke i småbil -og småbåttrafikk, men samanlikna med dagens trafikk reknar ein ikkje med at trafikkauken i området vil gje konsekvensar av nemneverdig grad. For å sikre at framtidige kjøparar av fritidsbustader og naust i området er klar over at det føregår fiske i sjøen utanfor planområdet, har ein på oppmoding frå Fiskarlaget lagt inn i føresegnene at tiltak i reguleringsplanområdet ikkje skal vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd, inkl. fiske med lys. Dette gjeld òg bruk av/ferdsel i fiskeområdet i heile vågen av brukarane/besøkjande til reguleringsområdet.

## 8.4 Friluftsliv

### Friluftsliv

Tiltaket representerer ei delvis privatisering av strandsona i området. Samstundes er dette eit område som delvis er bygd ut frå før. Dette gjeld spesielt den sørvestlege delen av området. Ein god del av tomtane er allereie frådelt, så dette er ei venta fortetting. Heile området er sett av til fritidsbustader i kommuneplanen. Tilrettelegginga i samband med utbygginga vil gje betre og enklare tilgang til strandsona og enklare tilgjenge til friluftsområda i sjø. Tiltaket vil ikkje kome i konflikt med eksisterande badeplassar.

Like aust for planområdet ligg eit kartlagd friluftsområde; Røyksundkanalen. Områdetype er strandsona med tilhøyrande vassdrag og verdi er sett til svært viktig.



Det kartlagde friluftsområdet Røyksundkanalen.

Røyksundkanalen har vore nytta i uminnelege tider, og er populær for båtturistar. Ved Røyksundkanalen vart det på 1980- talet bygd opp eit populært feriesenter og badeland, og staden vart ei svært populær småbåthamn. Det er plass til ca. 150 småbåtar langs flytebyggene i gjestehamna. Badeanlegget ligg lunt inst i vika med skjelsand og sklier både inne og ute, men i dei siste åra har delar av badelandet blitt stengt av pga. manglande vedlikehald. Planområdet ligg som nemnt utanfor det avgrensa friluftsområdet, og ein kan ikkje sjå at den planlagde utbygginga vil gje konsekvensar for Røyksundkanalen. Planområdet ligg elles ikkje langt frå Siggjo. Siggjo har til alle tider vore eit viktig innseglingsmerke som ein kan sjå langt til havs. Fjellet er eit populært turmål, med mange tusen besøkjande kvart år. Stien er godt merka. Det er parkering ved fv542 på Stokka i Siggjarvåg, men ein kan også koma inn på løypa frå Håvik.



Turkart henta frå ut.no. Raud ring markerer planområdet.

#### *Konklusjon:*

Planen vil ikkje ha noko negative konsekvensar for friluftslivet. Etter utbygginga vil fleire kunne nytte nærområdet til friluftaktivitetar og for maritim rekreasjon, og området vil verta lettare tilgjengeleg på generell basis. Området ligg i nærleiken av Siggjo som er eit populært turmål, samt i nærleiken av det registrerte friluftsområdet Røyksundkanalen.

## **8.5 Naturmiljø og Naturmangfaldslova**


### **Biologisk mangfald**

Det er ikkje registrert verneverdige naturområde eller kulturlandskap i området. Det er heller ikkje gjort funn av framandartar (ihht. Norsk svarteliste) som ikkje høyrer naturleg heime i norsk natur eller som utgjer ein trugsel mot norsk biologisk mangfald, eller gjort funn av sårbare/ truga artar (ihht. Norsk rødliste). Artane som vart funne under synfaring i området er



vanlege å finne i Bømlo kommune og mange stadar elles langs vestlandskysten. Ein ser ikkje utbygging i planområdet som ein trussel mot biologisk mangfald.

Planen omfattar ingen dammar, bekkar eller tjern som kan verta negativt påverka av tiltaket, men det er registrert eit gytefelt for torsk utanfor planområdet i Håvikosen/ Børøyfjorden. Dette gytefeltet er klassifisert som naturtype av lokal verdi (C).



Biletet viser del av gytefelt for torsk som ligg utanfor planområdet i Håvikosen/Børøyfjorden. Kjelde: Fiskeridir.).

Planområdet ligg altså utanfor gytefeltet, men ein har likevel lagt inn i føresegnene at det ikkje skal fyllast i sjø i torsken sin gyteperiode, då gytande torsk kan vere sårbar for dette.



Det er også registrert ein kaste- og låssettingsplass i sør. Dette området er nytta til låssetting av makrell, sild og brisling og er mykje brukt.



Registrert kaste- og låssettingsplass i Håvikosen.

Det er 3 mindre og ei stor flytebrygge i området i dag. Alle desse bryggene ligg inn i den registrerte kaste- og låssettingsplassen.



Bileta viser korleitt låssettingsplassen vert nytta. Fiskarane brukar å feste tau i nokre tre som står på land i dag.

Ein er ikkje kjend med at det er konflikhtar mellom fiskeri og dei som har naust og båtplassar i området i dag. I samband med planarbeidet så har ein vore i kontakt med Fiskarlaget Vest for å få betre informasjon om korleis fiskeriet i området går føre seg. Viser til merknadshandsaminga under pkt. 6 for meir informasjon om tilbagemeldinga frå Fiskarlaget. Ny reguleringsplan legg opp til at det skal kunne etablerast nye flytebrygger og utriggarar i tilknytning til fritidsbustadane som skal etablerast. Også desse vil stikke litt ut i området som er registrert som kaste- og låssettingsplass. Det er lagt ved ein fortøyingssplan som viser korleis fortøyingar til dei planlagde flytebryggene er tenkt. Vidare har ein lagt inn i føresegnene at tiltaket ikkje skal vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd. Ein er open for innspel frå Fiskarlaget på korleis ein kan tilpasse flytebryggene og fortøyingane slik at dei er til minst mogleg ulempe for dei som fiskar i området.

Det er elles ikkje registrert nokon raudelista artar (sjeldne/truga artar) eller svartelista artar (framandartar) ihht. «Norsk svarteliste 2012» innanfor eller i nærleiken av planområdet. Planen omfattar ingen dammar, eller tjern som må takast omsyn til. Vegetasjonstypene og artane som er funne i planområde er vanleg å finne i Bømlo kommune og i store delar av landet, særskilt i kyststrøk frå Vest-Agder til Troms.


## Geologi

Bergarten fylitt (grøn), med soner av raudbanda kiselstein (kvartsitt) er vanleg å finna i Bømlo kommune og langs den kaledonske foldingsaksen som strekk seg frå sørvest i Rogaland og nordover langs heile Noreg. Det er ikkje registrert funn av bergartar som med krav til geologisk vern eller som er av særskild interesse. Kartdatabasen AREALIS viser at området er registrert med moderat til låg aktsemdgrad for radon.

## Flaumfare

Som nemnt under pkt. 3.5 så er det registrert 3 stk. aktsemdområde med fare for flaum i NVE sine kartdatabasar innanfor planområdet. På NVE sine sider kan ein lese at aktsemdkartet for flaum er eit nasjonalt kart på oversiktsnivå som viser kva areal som kan vere utsett for flaumfare. Kartet er basert på Kartverkets 25x25 m DTM og er eit grovt anslag på maksimale flaumvasstandar avhengig av nedbørsfeltstorleikar for ein ekstrem flaum. Kartet vil aldri kunne bli heilt nøyaktig, men er godt nok til å gje ein indikasjon på kvar flaumfaren bør vurderast nærare dersom det er aktuelt med ny utbygging. Vidare står det at dei potensielle fareområda kan leggjast til grunn ved fastsetting av flaumomsynssonar og føresegner. I samband med oppstartsvareselet, skreiv ein også i oversendinga til NVE at ein ynskja deira vurdering av desse 3 områda i samband med deira uttale til oppstartsmeldinga. I e-post datert 18.10.2018 skreiv dei at ein kunne sjå vekk i frå aktsemdkartet for flaum i dette området og i staden nytte DSB sin rettleiar «*Havnivå og stormflo*» i vurderinga av flaumfare langs strandlinja mot sjø.

TEK17 definerer sikkerheitsklassar for flaum for ulike typar byggverk. Fritidsbustader fell inn under tiltaksklasse F2, kor største nominelle årlege sannsyn er 1/200. Byggverk skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot flaum slik at denne verdien ikkje vert overskriden. Dersom ein ser på vasstands- og tidevassinformasjon for Bømlo kommune på Kartverket sine sider, så kan lese ut i frå informasjonen der at middels høgvatn er 0,34moh. Vidare kan ein få opp kva som er anbefalt nivå for planlegging for bygg som ligg i sikkerheitsklasse 2, og dette er då 1,96 m.o.h. med klimapåslag.




Oversikt over vasstands nivå i Bømlo kommune med referansenivå Middelvann. Kjelde:

<https://www.kartverket.no/sehavniva/sehavniva-lokasjonside/?cityid=506204&city=B%c3%b8mlo+kommune#tab2>

I føresegnene har ein lagt inn at nye konsentrerte fritidsbustader skal førast opp på min. kote +2,5. Ein meiner då at dette er tilstrekkeleg med omsyn på flaum. Dei frittliggjande fritidsbustadane skal plasserast høgare i terrenget enn dette.

Når det gjeld fellesnaustet, så har ein skrive i føresegnene at dette skal førast opp på min. kote +2,0. Naust fell inn under tiltaksklasse F1 jf. TEK17, kor største nominelle årlege sannsyn er 1/20. Byggverk skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot flaum slik at denne verdien ikkje vert overskriden. Dersom ein ser på vasstands- og tidevassinformasjon for Bømlo kommune på Kartverket sine sider, så kan lese ut i frå informasjonen der at middels høgvatn er 0,34moh. Vidare kan ein få opp kva som er anbefalt nivå for planlegging for bygg som ligg i sikkerhetsklasse 1, og dette er 1,84 m.o.h. med klimapåslag.





Oversikt over vasstands nivå i Bømlo kommune med referansenivå Middelvann. Kjelde:  
<https://www.kartverket.no/sehavniva/sehavniva-lokasjonside/?cityid=506204&city=B%c3%b8mlo+kommune#tab2>

På bakgrunn av dette meiner ein difor at naust kan plasserast på min. kote +2,0 utan at det skal bli noko problem med flaum.

## Landbruk

Planområdet er stadvis bratt og ulendt, og delar av området er utbygd frå før. Det er ikkje dyrkbar mark innanfor plangrensa. Planområdet eignar seg korkje til jordbruk eller skogbruk.

### Konklusjon:

Utbygging vil alltid ha negative konsekvensar på naturen. Inngrepet vert i dette høvet rekna som moderat ut i frå omfang, lokalitet og artsregistrering. Området er vurdert opp mot

naturmangfaldslova §7-12. Utbygging av området vert ikkje rekna for å medføre vesentleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet i området. Planen vil ikkje påverke plante- eller dyreriket i nemneverdig grad, og gjennom føresegnene har ein sikra at nye tiltak ikkje skal vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd. For Bømlø sitt naturmiljø får planen få eller ingen konsekvensar.

Det er altså 3 område som er registrert som aktsemdområde for flaum, men NVE har gitt tilbakemelding om at ein kan sjå vekk i frå desse områda. Utifrå havnivå og vurderingar knytt til flaum, så er nye fritidsbustader og naust plassert på ei kotehøgde som ein meiner bør akseptast.

## 8.6 Landskap

### Landskapsvurdering

Planområdet har ingen særskilt interessante landskapstrekk som gjer at området utmerkar seg i høve til kringliggjande landskap. Området består av typisk kystlandskap, med varierende terreng og høgder. Den sørlege og midtre delen av planområdet stig først frå kote +0 opp til ca. kote +4,0 før det flatar ut eit stykke. Terrengen stig så relativt bratt i bakkant av fritidsbustadområdet og opp til ca. kote +44 ved fylkesvegen i nordvest. Det er skrinne berg i dagen i områda ned mot sjø.



Terrengen i planområdet i områda ned mot sjø består av skrinne berg i dagen.

### Visuelle inngrep

Området er allereie godt synleg frå sjø i dag. Den sørlege delen av planområdet er allereie bygd ut med 3 stk. eksisterande naust med tilhøyrande kaiar, flytebrygger og båtopptrekk. I den nordlege delen av området er det ein eksisterande fritidsbustad med tilhøyrande kai og eit større bryggjeanlegg, samt at strandlinja vidare nordover er bygd ut med naust og fritidsbustader. Den planlagde utbygginga vil altså vere ei fortetting i eit område som allereie ber preg av menneskeleg aktivitet. Området vil etter utbygging få eit fint og maritimt preg som vil passe godt inn med eksisterande fritidsbustader, naust og kaiar i nærmiljøet. Alle involverte partar er opptekne av at området skal bli fint og heilskapleg. Terrengen stig relativt bratt i bakkant av eksisterande og nye fritidsbustader, så ein unngår silhuettverknader. Dei fremste fritidsbustadane vil i stor grad skjerme planlagde veganlegg og parkeringsplassar i bakkant.

Eksisterande naust/ fritidsbustader nord for planområdet er relativt store. Dei nye fritidsbustadane vil halda seg innanfor den storleiken som kommuneplanen opnar for og vil ikkje skilje seg ut i høve til eksisterande einingar i nærområdet.

Når det gjeld fjernverknader, så er altså dette området allereie i bruk som fritids-/naustområde og småbåtanlegg, og såleis allereie prega av inngrep. Den planlagde utbygginga vil ikkje endre nemneverdig på dei fjernverknadane området har i dag. Alle involverte partar er opptekne av at området skal få eit heilskapleg preg og at det skal bli fint å sjå til når det er ferdig utbygd.

## Fysiske inngrep

Tilkomstvegen frå fylkesvegen og ned til området samt parkeringsplass f\_SPP1 er allereie etablert i området. Det er også nokre av tomtane som allereie er bygd ut med naust og fylling eit godt stykke ut i sjø.



Biletet viser eksisterande fyllingar i strandsona på 8/10.

Dei største terrenginngrepa vil koma i samband med planering og utfylling i sjø for dei nye fritidsbustadane samt etablering av køyrbar gangveg og parkeringsplassar i bakkant av fritidsbustadane. Ein er oppteken av å bevare eksisterande terreng kring dei nye frittliggjande fritidsbustadane H1-H7 mest mogleg, og har difor lagt inn i føresegnene at tomtane ikkje skal planerast i større utstrekning enn det som er naudsynt for ei hensiktsmessig plassering av fritidsbustadane med tilhøyrande parkeringsplassar.

Ein vil nytta overskotsmassane frå planeringa av veg, parkeringsplassar og tomter til å fylle i sjø. Nokre stader vil fyllinga og kaikanten gå litt lengre ut enn 3m frå kystkonturen. Eksisterande fyllingar og kaiar går relativt langt ut i dag, og ein ynskjer å regulere inn eksisterande situasjon. Vidare så er det stadvis svært grunt i området, og dersom ein skal få gode og funksjonelle båtplassar i tilknytning til fritidsbustadane så lyt ein få fylle litt lengre ut i sjø nokre stader.

### Konklusjon:

Det vil verta terrenginngrep i samband med planering og utfylling i sjø for dei nye fritidsbustadane samt etablering av parkeringsplassar i bakkant av desse. Planlagd utbygging vil verta synleg frå sjø, men høgare terreng i bakkant hindrar silhuettverknader. Området er stadvis utbygd i dag, og ein har forsøkt å tilpasse utbygginga til den eksisterande. Ein har lagt inn nokre føringar i føresegnene for å minimere terrenginngrepa i området for frittliggjande fritidsbustader. Konsekvensane for landskapet er på bakgrunn av dette vurdert som negativ, men akseptabel.



## **8.7 Universell utforming**

Alle fritidsbustadtomtane vil få køyreveg heilt fram til seg. Området generelt vil verta betre tilgjengeleg enn det er i dag.

## **8.8 Born og unge sine interesser**

Det vert sett på som positivt for born og unge at det er tilrettelagd for tilkomst til sjø og maritim rekreasjon. Det er ikkje satt av eige areal for leik i planen, men det er heller ikkje krav til dette i planar som berre omfattar fritidsbustader og naust. Det er tilgjengelege grøntområde i umiddelbar nærleik.

## **8.9 Folkehelse**

Omgrepet folkehelse har ingen overordna definisjon i Noreg, men det tyder dei levekåra som bidreg til å fremja eller hemma god helse i befolkninga. Omgrepet tilseier at dette dreiar seg om summen av dei faktorar som påverkar vår helsetilstand. I statleg og regional folkehelsestrategi er hovudmålsetting å auke kvardagsaktiviteten til både born og vaksne. Planlegginga skal vere helsefremjande jamfør plan- og bygningslova. Samfunnet i øyane i Bømlo kommune har gode tradisjonar knytt til aktivitet i og i nærleik til sjø. Planen legg til rette for at området skal kunne nyttast til fritidsaktivitetar. Auka friluftaktivitetar er generelt positivt for folkehelsa. Etter utbygginga vil området verta meir tilgjengeleg og truleg blir meir brukt enn før. Ein har lagt opp til at den køyrbare gangvegen vert kopla saman med eksisterande tilkomstveg i naboplanen i nordaust, noko som sikrar tilkomst for ålmenn ferdsel og bidreg til at strandsona vert meir tilgjengeleg og attraktiv i samband med friluftsliv. I følgje AREALIS er aktsemdgraden for radon i området moderat til låg. Alle nye fritidsbustader vil førast opp med radonsperre i tråd med gjeldande forskrifter, og radon vil såleis ikkje utgjera nokon helserisiko.


## **8.10 Strandsone**

### **Fysiske inngrep i strandsona**

Strandsona er området innan 100 meter frå kystlina målt i horisontalplanet. Bømlo kommune har ei samla strandlinje på om lag 1 277 km. 80,6 % av strandsona er utan tekniske inngrep i Bømlo kommune, dvs. inngrepsfri (tal frå 2010. Kjelde: Strandsonekartlegging i Bømlo kommune, Akvator, datert 23. juni 2010).

Tiltaket vil medføre inngrep i strandsona. Planområdet er vist som område for fritidsbustader i kommuneplanen sin arealdel, og planen er såleis i tråd med overordna plan.

Strandlina innanfor plangrensa er ca. 450m lang. Det er fleire eksisterande bygg (3 naust og ein fritidsbustad) med tilhøyrande kaianlegg og flytebrygger innanfor planområdet. SSB gir mellom anna tal på tilgjengeleg strandsona i kommunane som er basert på kartlegging av bygningsnært areal (50 m frå bygning), bratte område (>10 grader), dyrka mark og vegar.



Oversikt over potensielt tilgjengeleg strandsone og hellingsgrad etter SSB sin metode. Kjelde: miljøstatus.no

Buffersona kring fysiske inngrep er definert i rapporten «Strandsonekartlegging i Bømlo kommune», og seier noko om graden av «privatisering» av strandsone som resultat av arealbruk. T.d. er buffersona kring naust definert til 0 m, medan den for fritidsbustader er satt til 50m. Dersom ein reknar arealet 50m frå eksisterande fritidsbustad som bygningspåverka strandsone, finn ein at ca. 29% av strandsone er bygningspåverka i dag. Dersom ein reknar 50m buffersona kring naust og flytebrygge, er 100% av sona bygningspåverka. Kommuneplanen opnar for fritidsbustader i området, og ein meiner difor det er mest realistisk om ein reknar 50m buffersona kring dei eksisterande nausta også. Det er eksisterande fritidsbustader like nord for planområdet, så den planlagde utbygginga vil ikkje endre på utstrekninga av bygningspåverka strandsone i nord.

## Tilgjengeleg strandsone

Tilgjengeleg strandsone er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil seie at områda ikkje skal vera påverka av privatiserande tiltak eller for bratte for normalt opphald. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengeleg. Dersom ein ser på kartet ovanfor, ser ein at dei områda som ikkje er påverka av privatiserande tiltak stort sett har ei helling på mellom 3-10 grader – noko helling. Området er såleis greitt tilgjengeleg pr. i dag. Dersom ein tek med dei eksisterande nausta og den eksisterande flytebrygga når ein vurderer om strandsone er påverka av privatiserande tiltak, er området allereie 100% privatisert i dag. Den planlagde utbygginga kan såleis sjåast på som fortetting i eit allereie bygningspåverka område. I planen har ein lagt inn køyrbar gangveg som knyt saman denne planen og naboplanen i nord som også har eigen tilkomstveg for betre tilgjenge for ålmenta. Dette bidreg til at strandsone vert betre tilgjengeleg og meir attraktiv i samband med friluftsliv.

## Oppsummering av strandsona i høve til planforslag

Kommuneplanen opnar for bygging av fritidsbustadar i planområdet. Realisering av den planlagde utbygginga vil medføre inngrep i strandsona, men i område som allereie er bygningspåverka. Fysiske inngrep treng ikkje vera til hinder for ferdsel i strandsona. Inngrepa kan i staden bidra til at strandsona vert betre tilgjengeleg og meir attraktiv i samband med friluftsliv. Dei planlagde tiltaka oppmodar til utøving av sjørelaterte aktivitetar. I reguleringsplanen har ein mellom anna vald å trekkje nokre av fritidsbustadane litt opp frå strandlina for å behalde delar av strandlina heilt ned mot sjø fri for utbygging og såleis redusere privatiseringsgraden i området. Det er også lagt inn grøne friareal, fellesnaust og fellesbrygge som er mindre privatiserande tiltak og vil bidra til ålmenn tilgjenge. Nærare vurdering av dagens situasjon sett opp mot planlagde tiltak er gjort i *Detaljert strandsonevurdering*, Vedlegg E.

Dei positive og negative verknadene ved planen i høve til strandsona er vurdert slik:

|                                                                                                                                                                   |          |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|
| - Tiltaket vil medføre terrenginngrep i strandsona:                                                                                                               | Negativt |
| - Tiltaket vil delvis privatisere denne delen av strandsona                                                                                                       | Negativt |
| - Tiltaket kan verke negativt inn på fiskeri i området dersom det ikkje vert teke omsyn til dette i samband med planlegging og utføring                           | Negativt |
| - Tiltaket vil gje fleire småbåtplassar, også til folk utanfor planområdet                                                                                        | Positivt |
| - Tiltaket vil gje 21 stk. nye fritidsbustader og 1 stk. fellesnaust                                                                                              | Positivt |
| - Tiltaket vil gje nok parkering til eksisterande og nye bygg i samsvar med krav i kommuneplanen                                                                  | Positivt |
| - Tiltaket vil forenkle tilgjenge og funksjon i området                                                                                                           | Positivt |
| - Tiltaket vil vere positivt for marin rekreasjon og folkehelse                                                                                                   | Positivt |
| - Ein vil etablere eit samanhengande gangvegnett som vert tilknytt området nord for planområdet. Strandsona vert såleis meir attraktiv i samband med friluftsliv. | Positivt |

Som ein ser ut i frå vurderinga, så er det overvekt av positive verknader av planforslaget. Ein har på bakgrunn av dette vurdert konsekvensen for strandsona som akseptabel. Reguleringa vil vere i tråd med overordna plan.



## 9.0 ROS- ANALYSE

### Bakgrunn

Hensikta med risiko- og sårbarheitsanalysar er å utarbeide eit grunnlag for planleggingsarbeidet slik at beredskapsmessige omsyn kan integrerast i den ordinære planlegginga i kommunen.

For å kunne redusere omfang og skadar av uønska hendingar, slik som uhell, ulukker, driftsstans og katastrofar, er det ein føresetnad at ein først kartlegg risiko og sårbarheit.

I tilknytning til dette reguleringsplanarbeidet er det av omsyn til plantiltakets omfang utført ein analyse av risiko og sårbarheitsforhold. ROS- analysen byggjer på føreliggjande kunnskap om planområdet og arealbruken der.

### Metode

Analysen er gjennomført i samsvar med "Samfunnssikkerhet i arealplanlegging - kartlegging av risiko og sårbarhet" frå DSB. Analysen er basert på føreliggjande planforslag med tilhøyrande illustrasjonar og løysingar som der er gitt.

Moglege uønska hendingar som kan påverke planområdets funksjon som område for naust er vurderte jf. vedlagt sjekkliste. Forhold som ikkje er relevante i sjekklista er ikkje merka.

I vegleiaren er analysearbeidet delt inn i 6 fasar:

1. Skildring av analyseobjekt
2. Kartlegging av moglege hendingar og potensielle farar
3. Vurdering av årsaker og sannsyn
4. Vurdering av konsekvensar
5. Systematisering og risikovurdering
6. Forslag til tiltak og oppfølging

*Risiko* uttrykker den fare som uønska hendingar representerer for menneske, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Risiko er eit resultat av *Sannsyn* (frekvens) og *konsekvens* av hendingar.

Vurdering av sannsyn for uynskt hending er delt i:

| Begrep/ grad av sannsyn | Vekt | Intervall                                                                     |
|-------------------------|------|-------------------------------------------------------------------------------|
| Svært sannsynleg        | 5    | Meir enn ei hending kvart 20. år                                              |
| Sannsynleg              | 4    | Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200. år     |
| Noko sannsynleg         | 3    | Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000. år   |
| Lite sannsynleg         | 2    | Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000. år. |
| Usannsynleg             | 1    | Mindre enn ei hending kvart 5000. år                                          |

Vurdering av konsekvensar av uønska hending er delt i:

| Konsekvens    | Vekt | Menneske                                                                                                                               | Ytre miljø (luft, jord, vatn)                                                                            | Materielle verdier                      |
|---------------|------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|
| Katastrofalt  | 5    | Meir enn 5 daude, eller 25 alvorleg skada (KBP nivå 3)                                                                                 | Varig større skade på ytre miljø                                                                         | Skadar for meir enn 50.000.000 kr       |
| Kritisk       | 4    | Inntil 5 daude, eller fare for inntil 25 alvorleg skadde personar (KBP nivå 2)                                                         | Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø | Skadar mellom 5.000.000 - 50.000.000 kr |
| Alvorleg      | 3    | Inntil 10 alvorlege personskadar, eller mange mindre personskadar, men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag. (KBP nivå 2) | Store skadar på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt                                                | Skadar mellom 500.000 - 5.000.000 kr    |
| Ein viss fare | 2    | Mindre skadar som treng medisinsk handsaming, evt. kortare sjukefråver. (KBP nivå 1)                                                   | Mindre skadar på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid                                  | Skadar mellom 50.000 - 500.000 kr       |
| Ubetydeleg    | 1    | Ingen eller små personskadar. (KBP nivå 1)                                                                                             | Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø.                                                              | Skadar for inntil 50.000 kr             |

For å gje ei visuell og kvantifiserbar framstilling av ROS- analysa, er det her nytta ei risikomatrise. Risikomatrisa bidrar til å påpeike kva område det er behov for å iverksette eventuelle avbøtande tiltak, og ROS- analysen har i så måte ein praktisk verdi i gjennomføringa av planen.

| Konsekvens:<br>Sannsyn: | 1. Ubetydeleg | 2. Ein viss fare | 3. Alvorleg | 4. Kritisk | 5. Katastrofalt |
|-------------------------|---------------|------------------|-------------|------------|-----------------|
| 5. Svært sannsynleg     | 5             | 10               | 15          | 20         | 25              |
| 4. Sannsynleg           | 4             | 8                | 12          | 16         | 20              |
| 3. Noko sannsynleg      | 3             | 6                | 9           | 12         | 15              |
| 2. Lite sannsynleg      | 2             | 4                | 6           | 8          | 10              |
| 1. Usannsynleg          | 1             | 2                | 3           | 4          | 5               |

## Akseptkriterie

- Hendingar i raudt felt medfører uakseptabel risiko. Her må risikoreduserande tiltak gjennomførast. Elles må det gjennomførast meir detaljert ROS- analyse for eventuelt å avkrefte risikonivået. For tiltak i raude felt skal det utarbeidast ROS- analyse før tiltak kan godkjennast.
- For hendingar som ligg i gul sone må det gjennomførast tiltak for å redusere risikoen så mykje som råd er. Det kan vere naturleg også å leggje ein kost- nytteanalyse til grunn for vurdering av enno fleire risikoreduserande tiltak. I gul sone skal kommunen krevja ROS- analyse.
- Grønt indikerer akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar. Om det skal gjennomførast ROS- analyse i grøne område må vurderast i den einskilde regulerings- og/eller byggesak.

Ved ROS- analysen vert vurdering av fare i det konkrete planarbeidet satt inn i ein tabell. Det kan vere naturleg å gjengi ein slik tabell både for no- situasjonen (før reguleringa) og ein tabell for ny situasjon etter utbygging i henhold til planen i planomtalen.

## ROS- analyse for det aktuelle planområdet

Moglege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i tabell. Det er laga ein tabell for no situasjonen og ein for ny situasjon etter utbygging. Dei tema som står i tabellen men som ikkje vert ansett for å vere relevant for planområdet, er vurdert men ikkje markert med "risikofarge".

### Nosituasjon:

| Hendingar / situasjon          | Aktuelt? | Sannsynlig | Konsekvens | Risiko | Kommentar/ Tiltak                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
|--------------------------------|----------|------------|------------|--------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Natur og miljøforhold</b>   |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Ras/Skred/flom/grunn</b>    |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 1. Masseras/Skred              | Ja       | 1          | 3          | 3      | Det er ikkje registrert fare for masseras, jordskred eller steinsprang innanfor planområdet.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 2. Snø/isras                   | Ja       | 1          | 3          | 3      | Det er ikkje registrert fare for snø/isras i området. Dei klimatiske og topografiske tilhøva tilseier altså ikkje at snøskred utgjer nokon reell risiko her. Ein vurderer sannsynet for snøskred og sørpeskred til å vere liten.                                                                                                                                                                                                         |
| 3. Flaumras                    | Ja       | 1          | 3          | 3      | Det er ikkje registrert fare for flaumras i området.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| 4. Elveflom                    | Ja       | 1          | 3          | 3      | Det går ein bekk over 8/41, men denne skal leggjast i røyr.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| 5. Tidevassflaum               | Ja       | 2          | 2          | 4      | Tidevassflaum kan førekome. Er vanlegare no enn før. Eksisterande fritidsbustad på 8/19 ser ut til å liggje lågare i terrenget enn +2,5, men dette er ikkje målt. Kartverket anbefaler min. kote +1,96 for tiltak i sikkerheitsklasse 2. Ein har heller ikkje informasjon om kva kote eksisterande naust ligg på, men det gjer ikkje noko om det flør inn i naust.                                                                       |
| 6. Radongass                   | Nei      |            |            |        | Ingen funn. Vanleg radonsperre.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Vær og vindeksponering</b>  |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 7. Vindutsette område          | Ja       | 1          | 2          | 2      | Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| 8. Nedbørutsette område        | Ja       | 2          | 1          | 2      | Kan førekome, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Natur og kulturområde</b>   |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 9. Sårbar flora                | Nei      |            |            |        | Ingen funn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| 10. Sårbar fauna/fisk          | Ja       | 2          | 2          | 4      | Delar av området ligg innanfor område for fiske i kommuneplanen og her er det ein eksisterande kaste- og låssettingsplass. I tillegg er det ein kaste- og låssettingsplass nord for området og området og gytelfelt for torsk utanfor planområdet i Håvikosen/ Børøyfjorden. Gytelfeltet er klassifisert som naturtype av lokal verdi (C). Eksisterande bryggjeanlegg er ikkje til hinder for fiske i området etter det ein kjenner til. |
| 11. Verneområde                | Nei      |            |            |        | Ingen funn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| 12. Vassdragsområde            | Nei      |            |            |        | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 13. Fornminne                  | Nei      |            |            |        | Ingen funn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| 14. Kulturminne/miljø          | Ja       | 2          | 2          | 4      | SEFRAK-registrert naust som er meldepliktig ved endring riving. Under arkeologisk registrering vart det påvist ein funnstad med tilverka flint frå steinalderen. Det einskilde funnet vart kartfesta og registrert som ikkje freda funnstad.                                                                                                                                                                                             |
| 15. Område for idrett/leik     | Nei      |            |            |        | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 16. Park /rekreasjonsområde    | Nei      |            |            |        | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 17. Vassområde for friluftsliv | Ja       | 1          | 1          | 1      | Registrert friluftsområde like vest for planområdet; Røyksundkanalen. Ikkje negative konsekvensar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| <b>Menneskeskapte forhold</b>  |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 18. Veg, bru knutepunkt        | Ja       | 1          | 3          | 3      | Eksisterande veg og vegkryss er tilfredsstillande i høve til dagens trafikk.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 19. Hamn/kai - anlegg          | Ja       | 2          | 1          | 2      | Noko småbåttrafikk.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| 20. Sjukehus/-heim , kyrkje    | Nei      |            |            |        | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 21. Brann/politi/SF            | Ja       | 2          | 2          | 4      | Brann kan førekoma. Krav til vanleg byggsikring. Tilgjengeleg sløkkjvatn (sjø). Tilkomst for brannbil.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 22. Forsyning kraft, vatn      | Ja       | 1          | 2          | 2      | Straum i nærområdet. Det ligg ikkje offentleg vatn i området.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| 23. Tilfluktsrom               | Nei      |            |            |        | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Forureiningskjelder</b>     |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 24. Industri                   | Nei      |            |            |        | Ikkje relevant                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| 25. Bustad/fritid              | Ja       | 2          | 1          | 2      | Det er miljøstasjon/ bosscontainer ved Gassasundet og i Håvikjø som vert nytta av eksisterande fritidsbustad i området i dag.                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| 26. Landbruk                   | Nei      |            |            |        | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 27. Akutt forureining          | Nei      |            |            |        | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |



|                                                                           |     |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|---------------------------------------------------------------------------|-----|---|---|---|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 28. Støv                                                                  | Nei |   |   |   | Ikkje relevant                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| 29. Støy                                                                  | Ja  | 2 | 2 | 4 | Minimal støy frå små bilar og båtar. Området ligg utanfor gul omsynssone for støy for fylkesvegen. Ved fiske utanfor planområdet kan det oppstå støy frå fiskebåtar på dag og nattetid og frå fuglar som samlast når det føregår fiske. Ein kjenner ikkje til at det har vore klager på dette frå dei som har naust og fritidsbustad i området i dag. |
| 30. Forureining i sjø                                                     | Nei |   |   |   | Ingen funn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| 31. Forureina grunn                                                       | Nei |   |   |   | Det er ikkje registrert radon i grunnen og aktsemdgraden er moderat til låg. Elles kjenner ein ikkje til forureiningar i grunnen.                                                                                                                                                                                                                     |
| 32. Elforsyning                                                           | Ja  | 1 | 1 | 1 | Leidningsnett i nærområdet.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Andre farlige/spesielle områder/forhold</b>                            |     |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 33. Risikofyllt industri mm (kjemikalie/eksplosiv, olje/gass, radioaktiv) | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 34. Høgspenlinje                                                          | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 35. Avfallshandsaming                                                     | Ja  | 2 | 1 | 2 | Det er miljøstasjon/ bosscontainer ved Gassasundet og i Håvikjø som vert nytta av eksisterande fritidsbustader i området i dag.                                                                                                                                                                                                                       |
| 36. Oljekatastrofeområde                                                  | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 37. Spesielle forhold ved utbygging gjennomføring                         | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| <b>Transport</b>                                                          |     |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 38. Ulykker med farleg gods                                               | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 39. Vær/føre avgrensar tilgjenge til området                              | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 40. Ulykker i avkøyrslar                                                  | Ja  | 2 | 3 | 6 | Kjenner ikkje tilfelle, men kan førekoma. Vegen i planområdet er lite trafikkert.                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| 41. Ulykke med gåande/syklende                                            | Ja  | 2 | 3 | 6 | Kjenner ikkje tilfelle, men kan førekoma. Vegen i planområdet er lite trafikkert. Ingen fortau langs veg inn i planområdet.                                                                                                                                                                                                                           |
| 42. Andre ulykkespunkt                                                    | Nei |   |   |   | Kjenner ikkje tilfelle.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |

Risikoen av hendingane før utbygging er her framstilt i tabell:

| Konsekvens:<br>Sannsynlegheit:                          | 1. Ubetydeleg/<br>ufarleg | 2. Mindre<br>alvorleg/ ein<br>viss fare | 3. Betydeleg/<br>kritisk | 4. Alvorleg/<br>farlig | 5. Svært<br>alvorleg/<br>katastrofalt |
|---------------------------------------------------------|---------------------------|-----------------------------------------|--------------------------|------------------------|---------------------------------------|
| 5. Særs sannsynleg/<br>kontinuerlig                     |                           |                                         |                          |                        |                                       |
| 4. Meget sannsynleg/<br>periodevis, lengre<br>varigheit |                           |                                         |                          |                        |                                       |
| 3. Sannsynleg/ fleire<br>enkelttilfelle                 |                           |                                         |                          |                        |                                       |
| 2. Mindre sannsynleg/<br>kjenner tilfelle               | 8,25,35                   | 5,10,14, 21,29                          | 40,41                    |                        |                                       |
| 1. Lite sannsynleg/<br>ingen tilfelle                   | 17,32                     | 7,19, 22                                | 1,2,3,4,18               |                        |                                       |

### Situasjon etter utbygging:

| Hendingar / situasjon         | Aktuelt? | Sannsynlig | Konsekvens | Risiko | Kommentar/ Tiltak                                                                                                                                                                                                                         |
|-------------------------------|----------|------------|------------|--------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Natur og miljøforhold</b>  |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Ras/Skred/flom/grunn</b>   |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                           |
| 1. Masseras/Skred             | Nei      | 1          | 3          | 3      | Det er ikkje registrert fare for masseras, jordskred eller steinsprang innanfor planområdet.                                                                                                                                              |
| 2. Snø/isras                  | Ja       | 1          | 3          | 3      | Det er ikkje registrert fare for snø/isras i området. Dei klimatiske og topografiske tilhøva tilseier altså ikkje at snøskred utgjer nokon reell risiko her. Ein vurderer sannsynet for snøskred og sørpeskred til å vere liten.          |
| 3. Flaumras                   | Ja       | 1          | 3          | 3      | Det er ikkje registrert fare for flaumras i området.                                                                                                                                                                                      |
| 4. Elveflom                   | Nei      | 1          | 3          | 3      | Det går ein bekk over 8/41, men denne skal leggjast i røyrt.                                                                                                                                                                              |
| 5. Tidevassflaum              | Ja       | 2          | 2          | 4      | Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko. Ein har lagt inn i føresegnene at nye naust og fritidsbustader skal etablerast hhv. på min. kote + 2,0 og 2,5. Dette er over dei nivåa som Kartverket anbefaler med klimapåslag. |
| 6. Radongass                  | Nei      |            |            |        | Ingen funn. Vanleg byggsikring.                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Vær og vindeksponering</b> |          |            |            |        |                                                                                                                                                                                                                                           |

|                                |     |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|--------------------------------|-----|---|---|---|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 7. Vindutsette område          | Ja  | 1 | 2 | 2 | Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 8. Nedbørutsette område        | Ja  | 2 | 1 | 2 | Kan førekomme, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Natur og kulturområde</b>   |     |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 9. Sårbar flora                | Nei |   |   |   | Ingen funn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 10. Sårbar fauna/fisk          | Ja  | 3 | 2 | 6 | Delar av området ligg innanfor område for fiske i kommuneplanen og her er det ein eksisterande kaste- og låssettingsplass. I tillegg er det ein kaste- og låssettingsplass nord for området og gyteløst for torsk utanfor planområdet i Håvikosen/Børøyfjorden. Gyteløst er klassifisert som naturtype av lokal verdi (C). Ein vil legge inn i føresegnene at det ikkje skal fyllast i sjø i torskens sin gyteperiode. Vidare så er fisk i steng sårbar for sprengingsarbeid. Ein har difor lagt inn i føresegnene at eigar av eventuell fisk i steng skal kontaktast ved sprengingsarbeid og liknande. Ein vil taka omsyn til dei råda som fiskeridirektoratet har lagt ved merknaden sin i samband med etablering og drift av småbåthamna. Eksisterande bryggjelegg er ikkje til hinder for fiske i området. Ein vil også legge inn i føresegnene at tiltaket ikkje skal vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd. |
| 11. Verneområde                | Nei |   |   |   | Ingen funn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 12. Vassdragsområde            | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 13. Fornminne                  | Nei |   |   |   | Ingen funn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 14. Kulturminne/miljø          | Ja  | 2 | 2 | 4 | SEFRAX-registrert naust som er meldepliktig ved endring riving. Under arkeologisk registrering vart det påvist ein funnstad med tilverka flint frå steinalderen. Det einiskilde funnet vart kartfesta og registrert som ikkje freda funnstad. HFK har skrive i sin uttale at funnstaden ikkje får konsekvensar for den vidare planlegginga.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 15. Område for idrett/leik     | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 16. Park /rekreasjonsområde    | Nei |   |   |   | Ikkje relevant. Området er allereie bygningspåverka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| 17. Vassområde for friluftsliv | Ja  | 1 | 1 | 1 | Registrert friluftsområde like vest for planområdet; Røysundkanalen. Ikkje negative konsekvensar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Menneskeskapte forhold</b>  |     |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 18. Veg, bru knutepunkt        | Ja  | 1 | 3 | 3 | Eksisterande veg og vegkryss er tilfredsstillande i høve til dagens trafikk. Ein har lagt inn siktsoner i tråd med vegnormalen i plankartet.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| 19. Hamn/kai - anlegg          | Ja  | 2 | 1 | 2 | Lita auke i småbåttrafikk, men skal ikkje utgjera noko auka risiko.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| 20. Sjukehus/-heim , kyrkje    | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 21. Brann/politi/SF            | Ja  | 2 | 2 | 4 | Brann kan førekoma. Krav til vanleg byggsikring. Tilgjengeleg sløkkjvatn (sjø). Tilkømt for brannbil.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| 22. Forsyning kraft, vatn      | Ja  | 1 | 2 | 2 | Straum i nærområdet som nye einingar kan kople seg på. Borehol for nye fritidsbustader.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| 23. Tilfluktsrom               | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Forureiningskjelder</b>     |     |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 24. Industri                   | Nei |   |   |   | Ikkje relevant                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| 25. Bustad/fritid              | Ja  | 2 | 1 | 2 | Det er miljøstasjon/ bosscontainer i gassasundet og i Håvikjo. Eksisterande og nye fritidsbustader kan nytte denne.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| 26. Landbruk                   | Nei |   |   |   | Ikkje relevant. Området er ikkje eigna til skog- eller landbruk.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| 27. Akutt forureining          | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 28. Støv                       | Nei |   |   |   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 29. Støy                       | Ja  | 2 | 2 | 4 | Minimal støy frå små bilar og båtar. Området ligg utanfor gul omsynssone for støy for fylkesvegen. Det føregår fiske i området, og dette kan også førekoma nattetid. Ein har lagt in i føresegnene at tiltak i reguleringsområdet ikkje skal vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd. Dette vil bidra til at framtidige kjøparar av fritidsbustader i området er informert om at det føregår fiske i området, og då meiner ein at toleransen også vert større. Ein reknar ikkje med at dette vert noko stort problem, eller at denne aktiviteten skapar mykje så mykje støy at det vert umogleg å opphalde seg ved dei planlagde fritidsbustadane.                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| 30. Forureining i sjø          | Nei |   |   |   | Ingen funn.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |

|                                                                           |     |   |   |   |                                                                                                                                    |
|---------------------------------------------------------------------------|-----|---|---|---|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 31. Forureina grunn                                                       | Nei |   |   |   | Ingen funn.                                                                                                                        |
| 32. Elforsyning                                                           | Ja  | 1 | 1 | 1 | Leidningsnett i nærområdet.                                                                                                        |
| <b>Andre farlige/spesielle områder/forhold</b>                            |     |   |   |   |                                                                                                                                    |
| 33. Risikofyllt industri mm (kjemikalie/eksplosiv, olje/gass, radioaktiv) | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                    |
| 34. Høgspenlinje                                                          | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                    |
| 35. Avfallshandsaming                                                     | Ja  | 2 | 1 | 2 | Det er miljøstasjon/ bosscontainer ved Gassasundet og i Håvikjø. Eksisterande og nye fritidsbustader kan nytte denne.              |
| 36. Oljekatastrofeområde                                                  | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                    |
| 37. Spesielle forhold ved utbygging gjennomføring                         | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                    |
| <b>Transport</b>                                                          |     |   |   |   |                                                                                                                                    |
| 38. Ulykker med farleg gods                                               | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                    |
| 39. Vær/føre avgrensar tilgjenge til området                              | Nei |   |   |   | Ikkje relevant.                                                                                                                    |
| 40. Ulykker i avkryrsler                                                  | Ja  | 2 | 3 | 6 | Kjenner ikkje tilfelle, men kan førekoma. Vegen i planområdet vil verta lite trafikkert.                                           |
| 41. Ulykke med gåande/syklande                                            | Ja  | 2 | 3 | 6 | Kjenner ikkje tilfelle, men kan førekoma. Vegen i planområdet vil verta lite trafikkert. Ingen fortau langs veg inn i planområdet. |
| 42. Andre ulykkespunkt                                                    | Nei |   |   |   | Kjenner ikkje tilfelle.                                                                                                            |

Risikoen av hendingane etter utbygging er her framstilt i tabell:

| Konsekvens:<br>Sannsynlegheit:                          | 1. Ubetydeleg/<br>ufarleg | 2. Mindre<br>alvorleg/ ein<br>viss fare | 3. Betydeleg/<br>kritisk | 4. Alvorleg/<br>farlig | 5. Svært<br>alvorleg/<br>katastrofalt |
|---------------------------------------------------------|---------------------------|-----------------------------------------|--------------------------|------------------------|---------------------------------------|
| 5. Særs sannsynleg/<br>kontinuerlig                     |                           |                                         |                          |                        |                                       |
| 4. Meget sannsynleg/<br>periodevis, lengre<br>varigheit |                           |                                         |                          |                        |                                       |
| 3. Sannsynleg/ fleire<br>enkelttilfelle                 |                           | 10                                      |                          |                        |                                       |
| 2. Mindre sannsynleg/<br>kjenner tilfelle               | 8,19,25,35                | 5,14, 21,29                             | 40,41                    |                        |                                       |
| 1. Lite sannsynleg/<br>ingen tilfelle                   | 17,32                     | 7,22                                    | 1,2,3,4,18               |                        |                                       |

*Kommentarar til punkt i gul sone:*

#### Sårbar fauna/fisk

Delar av området i sjø ligg innanfor eit område for fiske i kommuneplanen. Dette området er nytta til låssetting av makrell, sild og brisling og er mykje brukt. Vidare er det registrert eit gytefelt for torsk utanfor planområdet i Håvikosen/ Børøyfjorden.

Planen legg opp til etablering av nokre nye flytebryggjeanlegg som vil stikke litt innanfor det området som er avsett til fiske i overordna plan. Nye småbåtanlegg vil ikkje avgrense naturleg sirkulasjon i sjø. Ein har utarbeidd ei skisse for korleis dei planlagde flytebryggene ca. er tenkt. Sjå vedlagd fortøyingssplan. Denne skissa har ein også sendt over til Fiskarlaget Vest for kommentarar og innspel. Fiskarlaget er generelt i mot planforslaget, men har kome med ynskje om nokre føresegnar dei ynskjer at ein skal leggje inn. Det har ein gjort. Dette går på at tiltak innanfor planområdet ikkje skal vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd. Vidare har ein lagt inn i føresegnene at det ikkje skal fyllast i sjø i torsken sin gyteperiode. Sidan fisk i steng kan vere sårbar for sprenging, har ein lagt inn i føresegnene at eigar av eventuell fisk i steng skal kontaktast ved sprengingsarbeid og liknande. Ein saknar konkrete innspel frå Fiskarlaget på korleis ein kan unngå at planlagde fortøyingar kjem i vegen for fiskeriverksemda her, og peikar på at det er fleire større godkjende flytebrygger i området i dag som også har fortøyingar som går ut i kaste- og låssettingsområdet utan at det er problem for den praktiske bruken som fiskaren har. Eksisterande flytebrygger går også lengre ut enn det fortøyingssplanen legg opp til at dei nye bryggene skal gjera. Ein kjenner ikkje til at det har vore konflikhtar mellom eigarane av eksisterande flytebryggjer og fiskarar i området tidlegare, og det er berre låssetting i det aktuelle området – ingen kasting. Ein er open for innspel på korleis nye flytebrygger kan



plasserast og fortøyast slik at dei er til minst mogleg ulempe, og ein kan sjå på alternative innfestingsmåtar i kai som reduserer behovet for anker osv.. Med dei tiltaka enn har gjort og er villige til å gjere, meiner ein at ein har teke omsyn til sårbar fauna/fisk og fiskarane i planarbeidet.

#### Trafikk og ulykker:

Av tabellane kan ein sjå at risikoen i samband med trafikkulukker innanfor planområdet er til stades, både no og etter utbygging. Etter utbygginga vil det generelt verta meir bruk av infrastrukturen. Auka trafikk gir auka fare for trafikkulukker. Risikoen det her er snakk om er altså ein generell risiko som uansett er til stades når det er trafikk i området. Storleiken på utbygginga tilseier at gangveg for mjuke trafikkantar ikkje er naudsynt. Det vil bli låg trafikk og låg fartsgrense på alle vegar i området. Det er ingen farlege avkøyrslar i planen, og ein har lagt inn siktsoner i krysset inn mot fylkesvegen i plankartet.

Gjennom ROS- analysen er det med dette ikkje påvist forhold som medfører at planframlegget bør endrast i høve til det utkastet som no føreligg.

Dato: 30.11.2020



## VEDLEGG

- A. Plankart, teikn.nr. 1744-01. Målestokk: 1:1000/A2. Datert 30.11.2020
- B. Føresegner. Datert 30.11.2020
- C. Overordna VA- plan. Målestokk 1:500/A2. Datert 18.11.2020
- D. Skisse fortøyingsplan. Målestokk 1:1000/A3. Datert 18.11.2020
- E. Detaljert strandsonevurdering. Datert 18.11.2020